

## Bokn kommune

**Rådmannen sitt forslag til drift- og investeringsbudsjett 2008 og Økonomiplan 2008-2011**

<b>Rådmannens generelle kommentarer til budsjett og økonomiplan 2008 – 2011</b>	<b>3</b>
<b>Reglement for økonomiplan og årsbudsjett.....</b>	<b>10</b>
<b>Økonomisk oversikt drift .....</b>	<b>12</b>
<b>Økonomisk oversikt - investering .....</b>	<b>14</b>
<b>Anskaffelse og anvendelse av midler .....</b>	<b>15</b>
<b>Budsjettskjema 1A - drift .....</b>	<b>16</b>
<b>Budsjettskjema 2A - investering .....</b>	<b>17</b>
<b>Budsjettskjema 1 B – Fordeling drift .....</b>	<b>18</b>
<b>Budsjettskjema 2 B - Investeringar .....</b>	<b>19</b>
<b>Forslag til nye tiltak i driftsbudsjettet og økonomiplan 2008- 2011 .....</b>	<b>19</b>
<b>Noter til driftsrekneskapet: .....</b>	<b>21</b>
<b>Kommentarer til driftsbudsjettet. ....</b>	<b>22</b>
<b>Oversikt fond og unyttede lånemidler .....</b>	<b>23</b>
<b>Rammeområde 1 – Sentraladministrasjonen .....</b>	<b>24</b>
<b>Rammeområde 2 - Seksjon kultur, skule og barnehage .....</b>	<b>47</b>
<b>Rammeområde 3 – Seksjon helse, sosial og barnevern .....</b>	<b>44</b>
<b>Rammeområde 6 – Seksjon teknisk.....</b>	<b>71</b>

## 18.12.2007 KOMMUNESTYRET

### KS-045/07 VEDTAK:

1. Vedlagte forslag til budsjett for Bokn kommune for 2008 blir vedtatt på overordna nivå med eit nettobudsjett på kr. 41.100.504,- fordelt på følgjande rammeområde;

Sentraladministrasjonen	kr. 10.096.600
- Herav reservert løyving (kr.1.379.000)	
Seksjon kultur, skule, barnehage	kr. 13.285.000
Seksjon helse, sosial, barnevern	kr. 14.696.004
Seksjon teknisk	kr. 3.022.900

Av reservert løyving er 524.000 avsett til "Kjekt på Bokn". Bruken av desse midlane vurderes i samband med at det legges fram ei samla sak for prosjektet "Kjekt på Bokn"

2. Kommunestyret vedtok følgjande investeringar i 2007:

Edb-leasingavtale	kr. 200.000,-
IKT plan skule	kr. 200.000,-
Utviding av barnehagekapasitet	kr. 340.000,-
Restareal bustadfelt	kr. 250.000,-
Vegkryss Jøsenvågen	kr. 50.000,-
Bygdabok	kr. 250.000,-

Totale investeringar på kr. 1.290.000,- vert dekkja med kr. 929.496,- frå driftsrekneskapet og kr. 360.504,- frå kapitalfond.

3. Kommuneskatten for inntekt vert utlikna med 12,05% og formue med 7 o/oo.
4. Eigedomskatten for verk og bruk får år 2008 vert utskriven med 7 o/oo
5. Gebyrsatsane:
  - a. Bokn kommunestyre vedtar at barnehagesatsane vert justert i samsvar med vedtatt maksimalpris. Deltidsplassar skal justerast forholdsmessig.
  - b. Gratis frukt til SFO.
  - c. Det vert ikkje innført byggesaksgebyr for bustadhus.
  - d. Betalingssatsane for mat til eldre vert ikkje auka i forhold til satsane i 2007.
  - e. Dei øvrige framlagte satsane for kommunale avgifter og kommunale tenester for 2008 vert vedtatt i samsvar med rådmannen sitt framlegg i gebyrregulativ.

## Rådmannens generelle kommentarar til budsjett og økonomiplan 2008 – 2011

### STATSBUDSJETTET 2008 – KONSEKVENSAAR FOR KOMMUNEØKONOMIEN

Grunnlaget for den kommunale aktiviteten blir i hovudsak lagt i Stortinget gjennom Kommuneøkonomiproposisjonen i mai/juni og Statsbudsjettet om hausten.

Statsbudsjettet blei i år lagt fram av Finansministeren 5. oktober 2007. Med ei fleirtalsregjering må kommunane forvente at det ikkje blir store endringar i endeleg vedtatt budsjett.

Det blei ingen store endringar i framlagte Statsbudsjett i forhold til signala som blei gitt i Kommuneøkonomiproposisjonen.

Deflatoren for 2008 er berekna til ca. 4,2 %. Denne består av pårekna lønsvekst på 5% og varekjøp 2,8%.

I forhold til budsjett for 2007 er auken i frie inntekter for Bokn i 2008 berekna til ca. kr. 2,4 mill. eller ca. 6,9 %. Dei frie inntektene består av overføringar frå staten, rammetilskott, og skatt, ekskl. eigedomsskatt. Dette er ei akseptabel auke når ein samanlikner med tala for Rogaland, der det er anslått at kommunane samla vil få ei nominell vekst i frie inntekter på 4,2%.

Etter at Statsbudsjettet blei lagt fram, har eit regjeringsoppnemnd utval lagt fram si vurdering av inntektssystemet.

Sørheimutvalet vart oppnemnt i desember 2006, og har vorte leia av Kristin Sørheim frå Senterpartiet. Utvalet er eit politisk utval, med medlemmar frå alle dei politiske partia med representasjon på Stortinget. Bakgrunnen for at utvalet vart nedsett var at regjeringa ynskja ein gjennomgang av dei politiske elementa i inntektssystemet, inkludert dei elementa som Borgeutvalet ikkje foreslo endringar på.

Rapporten skal no ut på ei brei høyring der alle kommunar kan kome med innspel. Fristen er 28. januar 2008. Deretter skal regjeringa vurdere endringar.

Blant Sørheimutvalet sine forslag er:

- Auka inntektsutjamning
- Eit nytt distriktspolitisk tilskott
- Ein vekstkompensasjon
- Eit nytt teljetidspunkt for innbyggjartal og -samansetjing
- Eit nytt inntektsgarantitilskott til erstatning for dagens overgangsordning
- Eit redusert skjønnstilskott

Utvalet sitt forslag vil bli vurdert saman med forslag til nye kostnadsnøklar for kommunane. Etter planen vert eit samla nytt inntektssystemet for kommunane presentert i kommuneproposisjonen våren 2008.

Ei omlegging av inntektssystemet i tråd med Sørheimutvalet si innstilling, vil få store negative konsekvensar for kommuneøkonomien i Bokn. Bokn er den av landets kommunar som kjem dårlegast ut dersom ei slik omlegging skulle bli fullt ut gjennomført, med eit årleg netto inntektstap på ca. 9 mill. kroner.

## **SKATT**

Skatteinngangen for kommunane i 2007 er fram til og med august månad ca. 4,3% høgare enn same tidsrom i 2006.

Bokn kommune har i 2007, i motsetning til i 2006, ei dårleg utvikling i skatteinngangen. Ved utgangen av august var auken på bare 2,9%. I forhold til landsgjennomsnittet hadde Bokn ei skatteinngang på ca. 78%, og med dette lågast skatteinngang av kommunane i Rogaland.

Skatteøren er i statsbudsjettet foreslått redusert frå 12,25 til 12,05 %. Dette heng saman med at Regjeringa ynskjer at dei auka inntektene til kommunane skal skje gjennom rammeoverføringar og ikkje gjennom auke i egne skatteinntekter. Regjeringa meiner dette vil ha ei god fordelingseffekt kommunane imellom, slik at ikkje bare dei skatterike kommunar vil ha glede av dei gode tidene som ein no har. I utgangspunktet vil dette vere positivt for Bokn kommune med den låge skatteinngangen me no har.

Bokn kommune har eigedomsskatt på verk og bruk. Eigedomsskatten er på 7 promille og er ein føresetnad for inntekter frå gassbasert industri på Kårstø og av Europipe II gassrørledningen som går over Bokn.

Budsjetterte skatteinntekter og rammetilskot er i samsvar med føresetnadene i regjeringa sitt framlegg til statsbudsjett og byggjer på KS sin prognosemodell.

## **FRAMTIDSUTSIKTER**

Det har, og det vil nok også i åra som kjem, bli ein vedvarande diskusjon om organisering og styringa av det offentlege Noreg - både i forhold til kva oppgåver kommune, fylke (region) og stat skal ha og inndeling av regionane. I førre kommunestyreperiode var det ikkje fleirtal i Rogaland Fylkesting om oppretting av eit stort Vestlandfylke. Men signala frå det nye Fylkestinget er at det i dag er fleirtal for ein slik ny region. Etablering av større regionar vil også kunne føre til at kommunestruktursaken på ny blir sett på dagsordenen.

For Bokn kommune som i 2006 var gjennom ei folkeavrøysting om kommunesamanslutning, med eit særdeles klart svar frå innbyggjarane, er det ikkje grunn til å tru at denne saka vil komme opp på ny, før det eventuelt skjer store landsomfattande kommunestrukturændringar eller dei økonomiske rammevilkåra blir så strame at kommunen ikkje kan vere eigen kommune, jfr. tidlegare merknader med omsyn til Sørheimutvalet si innstilling og forslag til nytt inntektssystem for kommunane.

Ein av Bokn kommune sine store utfordringar er å vidareføra den positive folketalsutviklinga kommunen har hatt dei siste åra. For å kunne oppretthalda det gode tenestetilbodet kommunen har, treng ein tilflytting og busetting av fleire unge barnefamiljar. Tilrettelegging og etablering av nye bustadområder vil vere viktig. Ledige og byggemodne tomteareal er ein knapphetsfaktor på begge sider av Boknafjorden.

Folketalsutviklinga har også så langt i 2007 vore positiv, og kommunen har no over 800 innbyggjarar.

Elevtalet i skulen er det høgaste på svært mange år. Fleire kommunale tomter er selde og det har vore ei hurtig omsetning av bustader som har vore lagt ut for sal. Dessverre er ein del av bustadene selde som feriehus og ikkje til fastbuande. Dette er ei negativ utvikling som det må vurderast om det kan finne virkemiddel mot.

Bokn Plast as er fortsatt i ei god utvikling og arbeider med spennande næringsprosjekt som vil kunne sikre eksisterande arbeidsplassar og vil kunne gi grunnlag for vekst. Det er vidare

seld ei stor næringsstomt i industriområdet i Knarholmen der ein etter planane vil starte utbygginga våren 2008.

Bokn kommune hadde i 2005/2006 vesentleg fleire innbyggjarar utan arbeid enn gjennomsnittet for Rogaland. I dag er situasjonen vesentleg endra, men kommunen har fortsatt, saman med NAV Bokn, ein høg fokus på sysselsettingssituasjonen.

"Kjekt på Bokn" vil fortsatt vere eit sentralt satsingsområde dei kommande åra.

Bokn kommunestyre godkjente i sak 25/07 Strategisk Nærings- og sysselsettingsplan for Bokn for 2006 – 2010 med mål, strategi og tiltak. Kommunestyret sitt vedtak vil vere styrande for det vidare arbeidet i arbeidsgruppene.

Eit viktig arbeid i den kommande kommunestyreperioden vil vere rullering av kommuneplanen. Nytt i denne samanhengen er at det med heimel i plan- og bygningsloven også skal lagast ein lokal klimaplan. Stortinget har under arbeid ein nasjonal klimaplan, og det er også komme Fylkeskommunalt innspill om å starta opp arbeidet med ein energi- og klimaplan for Rogaland, der både Haugesund, Karmøy og Sauda frå vår region er invitert til å delta. Vidare er saken drøfta i Haugalandrådet der ein ser på mulighetene for eit samla regionalt arbeid når det gjeld å lage lokale klimaplaner. Det er naturleg å komme tilbake til denne saka når det ligg føre noko meir avklaringar både nasjonalt, fylkeskommunalt og regionalt.

Det skal i det kommande året også lagast ein ny Fylkesdelplan for areal og transport på Haugalandet. Haugalandrådet har parallelt med dette starta opp eit arbeid med Scenariet 2020 for utvikling av Haugalandet, og ein meiner at dette arbeidet må ligge til grunn for Fylkesdelplanen. Scenariearbeidet vil bli forankra i den enkelte kommune gjennom felles formannskapsmøter for alle kommunane på Haugalandet i januar 2008. Då dette arbeidet òg bør leggast til grunn for Bokn kommune sin kommuneplan kan det vere hensiktsmessig at rullering av kommuneplanen blir starta opp i 2009.

Utviklinga regionalt har også stor betydning for Bokn. Arbeidet med bygging av Gasskraftverket på Kårstø er ferdigstilt og hadde opning 1.november. Ei veke tidlegare, 24. oktober, var det formell markering av byggstart for Haugaland næringspark. Bokn kommune sin interesse i Haugaland næringspark er no ivaretatt gjennom Haugaland Kraft as, som har løyst inn aksjane til dei tidlegare eigarkommunane Bokn, Karmøy, Haugesund og Tysvær.

Dette gir auka næringsaktivitet i vårt nærområde, og det er grunn til å tru at det i framtida vil vere ein stor aktivitet i vår del av regionen, både som fylgje av verksemd knytt til Kårstø, til Haugaland Næringspark, til bygging av T-sambandet og til eventuelt bygging av Rogfast. Gasskraftverket vil etter kvart også gi god uttelling når det gjeld eigedomsskatt - både for Tysvær og Bokn. Desse meirinntektene er delvis lagt inn i budsjett for 2008.

I tillegg har Hydro planar for utvikling av ein industripark på Håvik i Karmøy.

Både Kårstø, Gismarvik og verksemd i ein nye industriparken på Håvik vil ligge godt innanfor akseptable pendlaravstandar frå Bokn – ikkje minst når T-forbindelsen mot Karmøy er etablert.

Utsiktene for Bokn kommune og regionen er lyse, men mangel på arbeidskraft vil kunne begrense den positive veksten ein elles ville kunne ha fått.

#### **ENDRINGAR I ORGANISASJONEN**

Bokn gjorde i 2005 vesentlege endringar i den administrative organiseringa av kommunen. Ein har overført administrative ressursar til tenesteproduksjonen og ein har lagd ein enklare organisasjon.

Rådmannen ser dei organisasjonsmessige endringane som positive. Men mindre administrative ressursar gjer også kommunen meir sårbar ved sjukdom eller anna fråvær. I tillegg merkes det at ein har mindre tid til planlegging, saksbehandling og ikkje minst mindre tid til å pleie arbeidsmiljøet.

Kommunen har hausten 2007 starta samarbeidet med SR-Bank når det gjeld drift av servicetorget. Dette vil bety at dei som skal besøka kommunen og bankkundane no bruker same inngang, og kommunens kundemottak og sentralbord blir betjent av dei tilsette i SR-Bank. Samarbeidet gjer at banken har opent 5 dagar i veka. Tilbakemeldinga så langt tyder på at folk i Bokn er godt nøgde med ordninga.

## **HOVUDTREKKA I RÅDMANNENS BUDSJETTFORSLAGET**

Utgangspunktet for budsjett og økonomiplan for 2008 – 2011 er dei rammene som blei gitt gjennom kommunestyret sitt budsjettvedtak for 2007, økonomiplan for 2007 til 2010, i tillegg til vedtekne målsettingar og tiltak i kommuneplanen og kommunestyrevedtak i 2007.

I budsjettframlegget for 2008 har ein prioritert å oppretthalda og vidareføra det gode tenestetilbodet Bokn kommune har hatt i 2007. I tillegg er det lagt opp til ei viss aktivitetsauke, mellom anna som oppfylging av tidlegare vedtak. Nye tiltak ut over rammene for 2007 er på i alt ca. 1,8 mill. kroner.

Av det budsjetterte overskotet på nær 2,4 mill er det avsett 960.000,- til tilleggsøyvingar ca.1,4 mill er foreslått overført til finansiering av investeringane.

## **NYE DRIFTSTILTAK**

Av dei større beløpa som inngår i dei 1,8 mill. til nye driftstiltak kan nemnast kostnadsauke på ca kr. 500.000,- til 1,8 stillingar i helse, auke i utgifter til midtskyss kr. 220 000,-, vegvedlikehald kr. 200 000,- og auka kostnader ved kjøp av tenester frå Tysvær kr. 288 000,-

Som for 2007 er det sett av 0,5 mill. kroner som ein ekstra buffer for pensjonskostnadene. Pga usikkerheten rundt lønsoppgjeret er ein likevel ikkje sikker på at dette vil dekke dei auka pensjonskostnadene.

Rådmannen viser elles til oversikt over tiltak og kommentarar for det enkelte rammeområde.

## **INVESTERINGAR**

Heller ikkje for 2008 eller dei kommande åra i økonomiplanperioden er det lagt opp til større investeringsprosjekt.

Kommunen har som fylgje av tidlegare investeringar høg lånegjeld (pr. okt 07 er lånegjelda ca 42.mill) og me må ta inn over oss signala om auke i rentenivået i 2008, noko som vil kunne få store negative konsekvensar for økonomien i Bokn.

Som tidlegare vedtatt er investeringskostnadene til "Kjekt på Bokn" vidareført med kr. 524.000,- i 2008 og deretter kr. 250.000,-. Vidare er det lagt inn kr. 200.000,- til gjennomføringa av IKT-planen for skulen, kr. 250.000,- til kjøp av tilleggsareal til bustadfelt Føresvik, kr. 50.000,- som settes av til vegkryss Jøsenvågvegen, kr.340.000 til utvida barnehagekapasitet og kr. 250.000,- til arbeid med bygdeboka. Dei samla investeringane i 2007 blir då kr.1.814.000,-.

Investeringa er foreslått finansiert ved overskot frå drift samt bruk av kapitalfond.

Kapitalfondet er ved utgangen av 2007 på ca. 200.000,- men vi har i 2007 solgt tomter/arealer til om lag 3,5 mill, og desse inntektene vil gå til styrking av kapitalfondet.

## **BETALINGS- OG AVGIFTSREGULATIVET.**

I framlegg til statsbudsjettet er maksimalpris for plass i barnehagen framleis kr. 2.330,-, mens det tidlegare var sagt at maksimalprisen skulle reduserast til kr. 1750,- seinast innan utgangen av 2007.

I samsvar med forslaget til statsbudsjett vert barnehagesatsen uendra.

Vass- og kloakkavgiftene for 2008 er foreslått auka med 5%, mens renovasjonsavgiftene er foreslått auka med 4%. Byggesaksgebyra og oppmålingstenestene er foreslått auka i samsvar med reelle kostnader.

Betalingssatsane for musikkskule og SFO er ikkje endra i budsjettframlegget.

Det vises elles til fullstendig forslag i vedlegget "Forslag til avgifts- og betalingsregulativ for Bokn kommune for 2008."

## **STILLINGAR**

I budsjettet for 2008 legges det opp til 1,8 ny stilling i seksjon helse. Dette er stillingar som blei oppretta midlertidig av kommunestyret våren 2007, og der ei eventuell vidareføring skulle ses i samband med budsjettet for 2008.

Dagens arbeidsmarknad og høy etterspørsel etter kvalifiserte personar, gjer rekrutteringsprosessen i kommunen til ei stor utfordring. Med jamne mellomrom vil ha behov for nyrekruttering av kvalifiserte medarbeidarar.

Utfordringar rundt rekruttering av nye medarbeidarar vil være eit fokusområde både for rådmannen og dei politiske miljø i åra framover.

Særleg gjeld dette medarbeidarar med kompetanse som er etterspurte i den private marknaden, og som i enkelte tilfeller er villig til å betale vesentleg over det som vi som kommune kan.

Dette er urovekkande då denne kompetansen er avgjerande for at vi skal kunne levere gode og kvalitetsmessige tenester til innbyggjarane.

## **SAMARBEID PÅ HAUGALANDET**

Kommunane på Haugalandet har eit bredt og godt samarbeid. Det kan nemnast næringssamarbeid gjennom Haugaland Vekst IKS og Haugaland Kraft as, samarbeid når det gjeld søppelhandtering gjennom HIM, politisk samarbeid gjennom Haugalandrådet, idrettsutval og friluftsråd, hamnesamarbeid gjennom Karmsund Havn, Flyplassutval, Hauklivegen as, Haugalandmuseene, samarbeid når det gjeld legevakt, miljøretta helsevern, barnevern, PPT, IKT og innkjøp, mellom anna.

Nokre av samarbeidstiltaka har tilslutning frå alle kommunane, mens andre samarbeidsprosjekt har deltaking bare frå nokre av kommunane.

Bokn kommune legg opp til fornying av avtalar med Tysvær kommune når det gjeld felles landbrukskontor og kjøp av tenester frå teknisk når det gjeld oppmåling mv.

Kostnadene med kjøp av tenester frå andre kommunar er generelt stigande, men for Bokn vil dette likevel ofte vere einaste alternative måte å få utført dei pålagte oppgåvene på.

Bokn kommune er som dei fleste andre kommunane heilt avhengig av gode samarbeidsforhold kommunane imellom.

Ein har fram til no, og vil også framover, legge vekt på å delta på ein positiv måte i interkommunale og regionale prosjekt som kan tena kommunen.

Eit godt interkommunalt samarbeid vil på mange måtar vere ein føresetnad for at Bokn skal kunne fungera som ein sjølvstendig kommune framover.

## **KONKLUSJON**

Rådmannen sitt framlegg til budsjett for 2008 er basert på dei signal om statlege overføringar til kommunesektoren som er gitt frå den rød-grønne regjeringa.

Konkret byggjer framlegget på forslaget til statsbudsjett for 2008 både med omsyn til inntekter og utgifter.

Budsjettet prøver å gi eit realistisk bilde av drifta, både inntekter og utgifter, behov og utfordringar.

Budsjettet og økonomiplan for perioden 2007 – 2010 ga håp om ei positiv utvikling i kommuneøkonomien. Veksten i kommuneøkonomien for perioden 2008 – 2011 for Bokn kommune er også akseptabel. Samtidig vil reduksjon i lånegjeld på sikt, auke kommunen sin handlefridom – det same vil auke i eigedomsskatten frå gasskraftverket på Kårstø gjere. Men tiltross for ei viss inntektsvekst viser budsjettframlegget at driftsutgiftene har ei sterkare auke enn driftsinntektene. Det er difor eit stramt budsjett som legges fram utan rom for dei store investeringane i framtida.

Ved budsjettframlegget for 2007 vart det skreve at inntektsfordelingssystemet skulle opp til ei ny behandling – og at dette skapte usikkerhet med omsyn til småkommunane sine framtidige inntekter. Ein trudde likevel ikkje då, at Sørheimutvalet sitt forslag til nytt inntektssystem for kommunane, skulle slå så negativt ut for Bokn kommune som forslaget i dag viser. Dette gjer at det er komme nokre mørke skyer i horisonten når det gjeld kommunen si framtidige evne til å oppretthalde ein kommunal aktivitet på det nivået som me har i dag.

Rådmannen, november 2007

Jan Erik Nygaard

## Reglement for økonomiplan og årsbudsjett

(Utdrag av reglement for Bokn kommune)

Rådmannen sender i juni/juli ut eit budsjetttrundskriv for utarbeiding av økonomiplanen og årsbudsjettet med vedtak i desember, jfr. Økonomisystemet sin årssyklus.

### Arbeidsprosessar i utarbeidinga av budsjett og økonomiplan :

Alle datoar som ikkje har fastsett frist er rådgjevande og vil fastsetjast kvart år i rådmannen sitt budsjetttrundskriv.

Rapportering til SSB om ressursbruk og tenestedata	Frist 15.februar
Rekneskap og årsmelding for forrige år skal godkjennast	Frist 1.juli
Rundskriv frå rådmannen Inkl. konsekvensjustert budsjett	Ca.1.juli
Budsjettseminar kommunestyre/administrasjon	
Administrativ behandling i seksjonane, inkl. opplæringsplan	Juli - september
Informasjon / samarbeidsmøter	Oktober/november
Frist seksjon	Ca 1.oktober
Rådmannen sitt forslag vert presentert 1)	Ca 8.november
Arbeidsmiljøutvalet får saka til uttale Info til organisasjonane	medio november
Formannskapet 2)	November/desember
Kommunestyret	Frist 15.desember

- 1) Rådmannen sitt forslag vert offentleg ihht. lov om meiroffentlighet
- 2) Formannskapet sitt forslag er kommunen sitt ordinære framlegg til budsjett.

Økonomiplanen skal

gjelde for fire år

angi kva retning kommunen tenkjer å gå i framtida

danna grunnlaget for årsbudsjetta

fylgje opp og føre vidare satsingsområder som er lagt inn i kommuneplanen sin langsiktige del og sentrale vedtak som er gjort.

Årsbudsjettet skal

utgjere år 1 i økonomiplanen og gjelde for eit år

bygge på prioriteringar i økonomiplanen

være bevilingsdokument, dvs. at vedtatt budsjett angir kva netto rammer

kommunestyret har løyvd til kommunen sin verksemd det kommande året. Rammene er bindande for rammeområda.

Seksjonane utarbeider sine forslag til årsbudsjett på artsnivå innafor sine respektive rammeområder etter gjeldande budsjettforskrifter. Fordi budsjettet skal bli vedtatt på rammeområde må seksjonane formulere forslag til mål og premisser på dei tenestene kor det er nødvendig for å forklare kva ein vil oppnå med løyvinga.

#### Oppstilling og fordeling

Økonomiplanen og årsbudsjettet skal setjast opp i Økoplant etter vedtatt ansvarsstruktur. Dei skal byggje på seksjonane sine rekneskap frå året før men som skal korrigerast for:

Forventa endringar i perioden (ny verksemd o.l.)

Målsetjingar for seksjonane si verksemd

Resultater som forventast nådd i planperioden

Endringar i stillingar (nye/endringar/reduksjonar)

Kommunestyret skal vedta driftsbudsjettet på rammeområder og og investeringsbudsjettet på prosjekt nivå iht obligatorisk oppstilling, jfr budsjettforskrift.

Etter kommunelova sin § 44 skal økonomiplanen omfatte heile kommunen si verksemd, være realistisk og setjast opp på ein oversiktleg måte, (ansvar, teneste og art). Økonomiplan og årsbudsjett skal kommunestyret vedta på netto rammeområde;

Kommunen har etter omorganiseringa i 2005 desse rammeområdene:

sentraladministrasjonen

kultur/skule/barnehage

helse/sosial/barnevern

Innafor kvart rammeområde sorterer fleire ansvar som er fastsett i den interne kontoplanen. Kvart rammeområde har fleire tenestar.

Dersom kommunestyret vedtar ei innsparing for eit rammeområde, skal denne så langt mogleg vera spesifisert.

#### Behandling

Behandling av økonomiplan og årsbudsjett skal skje i samsvar med kommunelova sine §§ 44 og 45, og budsjettforskrift §§ 3, 4 og 15.

#### Mynde / vedtak i budsjettsaker

Kommunestyret skal vedta budsjettet som nettoramme pr. rammeområde.

Kommunestyret skal i tillegg gi mål og premisser for tildelinga. Kommunestyret må sjølv føreta budsjettjusteringar dersom nettoramma for det gitte ansvarsområde er overskredet.

Når kommunestyret fattar vedtak på nettoramme pr rammeområde (seksjon), medfører dette at seksjonssjefane må vurdere kvartalrapportane for å finne ut om kostnader og inntekter i perioden står i forhold til budsjettet for heile året. Har ein seksjon brukt ein forholdsmessig stor del av budsjettet må seksjonssjef og rådmann vurdere om meirforbruket er av ein slik art at det er fare for at kommunestyret si bevilling på årsbasis ikkje er tilstrekkeleg. Kan ikkje meirforbruket, etter rådmannen si vurdering, dekkjast inn i løpet av året, legg rådmannen fram sak om tilleggsbevilling til kommunestyre.

## Økonomisk oversikt drift

	Regnskap 2006	Budsjett 2007	Budsjett 2008	Budsjett 2009	Budsjett 2010	Budsjett 2011
<b>Driftsinntekter</b>						
Brukerbetalinger	1.986.658,10	2.084.400,00	2.578.400,00	2.578.400,00	2.578.400,00	2.578.400,00
Andre salgs- og leieinntekter	4.492.926,13	4.074.300,00	4.303.850,00	4.303.850,00	4.303.850,00	4.303.850,00
Overføringer med krav til motytelse	12.910.370,44	7.850.300,00	8.786.500,00	8.786.500,00	8.786.500,00	8.786.500,00
Rammetilskudd	18.606.865,00	20.981.000,00	21.533.000,00	21.533.000,00	21.533.000,00	21.533.000,00
Andre statlige overføringer	495.080,00	480.000,00	480.000,00	480.000,00	480.000,00	480.000,00
Andre overføringer	200.000,00	9.500,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Skatt på inntekt og formue	13.968.199,81	12.578.000,00	14.905.000,00	14.905.000,00	14.905.000,00	14.905.000,00
Eiendomsskatt	6.267.133,00	6.543.000,00	6.850.000,00	6.850.000,00	6.850.000,00	6.850.000,00
Andre direkte og indirekte skatter	84.400,00	105.000,00	713.000,00	713.000,00	713.000,00	713.000,00
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>59.011.632,48</b>	<b>54.705.500,00</b>	<b>60.149.750,00</b>	<b>60.149.750,00</b>	<b>60.149.750,00</b>	<b>60.149.750,00</b>
<b>Driftsutgifter</b>						
Lønnsutgifter	28.106.386,89	28.362.800,00	31.067.315,00	31.067.315,00	31.067.315,00	31.067.315,00
Sosiale utgifter	7.039.935,38	8.653.390,00	9.327.949,00	9.327.949,00	9.327.949,00	9.327.949,00
Kjøp av varer og tj som inngår i tj,produksjon	8.086.231,17	8.209.910,00	7.809.700,00	7.809.700,00	7.809.700,00	7.909.700,00
Kjøp av tjenester som erstatter tj,produksjon	4.323.555,10	3.560.200,00	4.044.990,00	4.044.990,00	4.044.990,00	4.044.990,00
Overføringer	3.384.420,67	2.761.600,00	3.995.300,00	3.995.300,00	3.995.300,00	3.995.300,00
Avskrivninger	2.635.456,00	2.669.900,00	2.669.900,00	2.669.900,00	2.669.900,00	2.669.900,00
Fordelte utgifter	0,00	10.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>53.575.985,21</b>	<b>54.227.800,00</b>	<b>58.915.154,00</b>	<b>58.915.154,00</b>	<b>58.915.154,00</b>	<b>59.015.154,00</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>5.435.647,27</b>	<b>477.700,00</b>	<b>1.234.596,00</b>	<b>1.234.596,00</b>	<b>1.234.596,00</b>	<b>1.134.596,00</b>
<b>Finansinntekter</b>						
Renteinntekter, utbytte og eieruttak	1.708.387,41	1.530.000,00	2.000.000,00	2.000.000,00	2.000.000,00	2.000.000,00
Mottatte avdrag på utlån	23.104,00	10.300,00	10.500,00	10.500,00	10.500,00	10.500,00
<b>Sum eksterne finansinntekter</b>	<b>1.731.491,41</b>	<b>1.540.300,00</b>	<b>2.010.500,00</b>	<b>2.010.500,00</b>	<b>2.010.500,00</b>	<b>2.010.500,00</b>
<b>Finansutgifter</b>						
Renteutgifter, provisjoner og andre fin.utg.	1.509.862,82	1.500.000,00	2.370.000,00	2.370.000,00	2.370.000,00	2.370.000,00
Avdragsutgifter	2.606.037,00	2.200.000,00	2.081.000,00	2.081.000,00	2.081.000,00	2.081.000,00
Utlån	13.352,00	10.300,00	10.500,00	10.500,00	10.500,00	10.500,00
<b>Sum eksterne finansutgifter</b>	<b>4.129.251,82</b>	<b>3.710.300,00</b>	<b>4.461.500,00</b>	<b>4.461.500,00</b>	<b>4.461.500,00</b>	<b>4.461.500,00</b>
<b>Resultat eksterne finanstransaksjoner</b>	<b>-2.397.760,41</b>	<b>-2.170.000,00</b>	<b>-2.451.000,00</b>	<b>-2.451.000,00</b>	<b>-2.451.000,00</b>	<b>-2.451.000,00</b>
Motpost avskrivninger	2.635.456,00	2.669.900,00	2.669.900,00	2.669.900,00	2.669.900,00	2.669.900,00
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>5.673.342,86</b>	<b>977.600,00</b>	<b>1.453.496,00</b>	<b>1.453.496,00</b>	<b>1.453.496,00</b>	<b>1.353.496,00</b>
<b>Regnskap 2006</b>		<b>Budsjett 2007</b>	<b>Budsjett 2008</b>	<b>Budsjett 2009</b>	<b>Budsjett 2010</b>	<b>Budsjett 2011</b>





## Anskaffelse og anvendelse av midler


	Regnskap 2006	Budsjett 2007	Budsjett 2008	Budsjett 2009	Budsjett 2010	Budsjett 2011
<b>Anskaffelse av midler</b>						
Inntekter driftsdel (kontoklasse 1)	59.011.632,48	54.705.500,00	60.149.750,00	60.149.750,00	60.149.750,00	60.149.750,00
Inntekter investeringsdel (kontoklasse 0)	2.127.064,00	200.000,00	0,00	0,00	0,00	0,00
Innbetalinger ved eksterne finanstransaksjoner	4.122.780,65	1.540.300,00	2.010.500,00	2.010.500,00	2.010.500,00	2.010.500,00
<b>Sum anskaffelse av midler</b>	<b>65.261.477,13</b>	<b>56.445.800,00</b>	<b>62.160.250,00</b>	<b>62.160.250,00</b>	<b>62.160.250,00</b>	<b>62.160.250,00</b>
<b>Anvendelse av midler</b>						
Utgifter driftsdel (kontoklasse 1)	50.940.529,21	51.512.900,00	55.285.254,00	55.385.254,00	55.285.254,00	55.385.254,00
Utgifter investeringsdel (kontoklasse 0)	4.511.949,89	4.017.500,00	1.814.000,00	600.000,00	350.000,00	250.000,00
Utbetaling ved eksterne finanstransaksjoner	4.921.451,82	3.710.300,00	4.461.500,00	4.461.500,00	4.461.500,00	4.461.500,00
<b>Sum anvendelse av midler</b>	<b>60.373.930,92</b>	<b>59.240.700,00</b>	<b>61.560.754,00</b>	<b>60.446.754,00</b>	<b>60.096.754,00</b>	<b>60.096.754,00</b>
<b>Anskaffelse - anvendelse av midler</b>	<b>4.887.546,21</b>	<b>-2.794.900,00</b>	<b>599.496,00</b>	<b>1.713.496,00</b>	<b>2.063.496,00</b>	<b>2.063.496,00</b>
Endring i ubrukte lånemidler	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
<b>Endring i arbeidskapital</b>	<b>4.887.546,21</b>	<b>-2.794.900,00</b>	<b>599.496,00</b>	<b>1.713.496,00</b>	<b>2.063.496,00</b>	<b>2.063.496,00</b>
<b>Avsetninger og bruk av avsetninger</b>						
Avsetninger	5.757.317,56	977.600,00	0,00	753.496,00	1.103.496,00	1.103.496,00
Bruk av avsetninger	869.771,35	3.817.500,00	360.504,00	0,00	0,00	0,00
Til avsetning senere år	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00	0,00
<b>Netto avsetninger</b>	<b>4.887.546,21</b>	<b>-2.839.900,00</b>	<b>-360.504,00</b>	<b>753.496,00</b>	<b>1.103.496,00</b>	<b>1.103.496,00</b>
<b>Int. overføringer og fordelinger</b>						
Interne inntekter mv	7.200.337,87	5.669.600,00	7.152.096,00	6.298.600,00	6.048.600,00	5.948.600,00
Interne utgifter mv	7.200.337,87	5.679.600,00	7.152.096,00	6.298.600,00	6.048.600,00	5.948.600,00
<b>Netto interne overføringer</b>	<b>0,00</b>	<b>-10.000,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>





## Budsjettskjema 1 B – Fordeling drift

	Budsjett 2008	Budsjett 2009	Budsjett 2010	Budsjett 2011
1 SENTRALADMINISTRASJONEN	9.677.600	9.677.600	9.677.600	9.677.600
2 SEKSJON KULTUR, SKULE OG B.HAGE	13.180.000	13.180.000	13.180.000	13.180.000
3 SEKSJON HELSE, SOSIAL OG BARNEVERN	14.696.004	14.696.004	14.696.004	14.696.004
6 SEKSJON TEKNISK	3.022.900	3.122.900	3.022.900	3.122.900
Sum overført til drift:	40.576.504	40.676.504	40.576.504	40.676.504



## Budsjettskjema 2 B - Investeringar

Til investeringer i anleggsmidler	Budsjetter				
	2007	2008	2009	2010	2011
Prosjekt					
EDB utstyr/ leasingavtale 05-??)	200 000	200 000	200 000		
Utskifting PCB	240000				
"Ta Bokna naturen i bruk" innspel/forslag:	718 000	524 000	250 000	250 000	250 000
* Nærmiljøanlegg Føresvik					
* Kjøp minibuss					
* Badeplass/nærmiljøanlegg mm					
* Tursti Alvestad/Føresvik					
EDB utstyr skule/ IKT plan	460 000	200 000			
Utviding av barnehagekapasitet		340 000			
Forslag frå kommuneplanen:					
* kjøp av bustadfelt i Fyrvegen	600 000				
* Kjøp av restareal bustadfelt		250 000			
* Kjøp av museumstomt			100 000	100 000	
* Vegkryss Jøsenvågvegen	50 000	50 000	50 000		
* Småbåthavn					
Enøk tiltak					
Trykkforsterkningsanlegg	110 000				
Bygdabok	250 000	250 000			
Aggregat	200 000				
<b>Sum Investeringar</b>	<b>2 828 000</b>	<b>1 814 000</b>	<b>600 000</b>	<b>350 000</b>	<b>250 000</b>
Finansiering ovf. Frå drift	200 000	1 453 496	600 000	350 000	250 000
Finansiering ved bruk av kapitalfond	2 628 000	360 504			

## Forslag til nye tiltak i driftsbudsjettet og økonomiplan 2008- 2011

Behov - begrunning	Kostnad	2008	2009	2010	2011
Gratis frukt og grønt til skuleelevane.	årleg	87.000	87 000	87 000	87 000
• Auka timetal i småskulen frå 01.08.2008	årleg	65.000	65 000	65 000	65 000
• Det nye faget "Programfag til val".	årleg	15.000	15 000	15 000	15 000
Auke i utgiftene til midtskyss og skyss til symjing	årleg	220.000	220 000	220 000	220 000
Den 3. velforeininga, stønad likt med dei andre.	årleg	5.000	5 000	5 000	5 000
Auke i landbrukssamarbeidet	årleg	128.000	128 000	128 000	128 000
Kostnad v/ Seniorpolitisk reglement -	årleg	160.000	160 000	160 000	160 000
Auke i stillingar 1,8 årsverk i helse ca.kostn.	årleg	500.000	500 000	500 000	500 000
Auke oppmålingstenester	årleg	160.000	160 000	160 000	160 000
Fotografering – digitale kart	150.000	150.000			
Vegvedlikehald	jevnleg	200.000		200 000	0
Auke i vaktgodtgjersle brann	årleg	68.000			
Vedlikehald av kommunale bygg	jevnleg		100 000		100 000
Oppussing av bustad	90.000	90 000			
Koppar og kar på kjøkkenet.	60.000				
• Høge bord og stolar i småskulen	50.000	0		0	
• Tur for 10. klasse innanfor gratisprinsippet.	30.000				
Klasseromma til 1-7 kl, ei første utgreiing av alternativ	15.000				
Utstyr og ordna lagerplass i gymnastikksalen	90.000				
HMS-tiltak reinhald barnehagen og skulen	30.000				
• Kyrkjebygd kulturhus, alarmanlegg	20.000				
• Vedlikehald leikeplassar, formannskapssak	50.000				
Auke i opningstida for skulebiblioteket	41.500				
Kino, fleire kinokveldar	5.000				
Kino, bredt lerret og kinolyd	85.000				
Museet, assistanse ved besøk	10.000				
Bygdabladet freelance-journalist	10.000				
Bygdabladet, trykking, auka kostnader	31.000				
Enøk analyse skule/barnehage	36.000				
Eksternt branntilsyn	20 000				
Enøk tiltak Boknatun	260.000				
Aggregat vannverk	20.000				
<b>Sum nye tiltak i budsjettet</b>		<b>1 848 000</b>	<b>1 440 000</b>	<b>1 540 000</b>	<b>1 440 000</b>

## **Noter til driftsrekneskapet:**

### **Note 1. - skatteinntekter,**

Det er her lagt til grunn at skatteinntektene for Bokn kommune vil liggja på ca 86,7 % av landsgjennomsnittet ihht prognose.

### **Note 2.- rammetilskot**

I tillegg til ordinært rammetilskot får kommunen eit regionaltilskot som utgjer 5,3 mill pr. i 2008. Rammetilskotet er utrekna vha. prognosemodellen, og er i samsvar med dei forutsetningane som er gitt frå sentralt hald.

### **Note 3 - Utbytte**

Utbytte gjeld renter av bankinnskot og aksjeutbytte frå Haugaland Kraft.

### **Note 4. - Bundne avsetningar og bruk av desse**

Der er ikkje avsett til fond i perioden.

## **Kommentarar til driftsbudsjettet.**

### **Bruk av Kostra tal**

Frå Statistisk Sentralbyrå kan vi hente ut drifts- og økonomidata frå alle kommunane i landet. Kommunane er grupperte slik at alle skal tilhøyre ei gruppe av kommunar som vi kan samanlikne oss med. Vi tilhøyre gruppe 6, basert på at desse kommunane er små og har ein del like trekk. I budsjettet har vi difor valgt å ta med denne gruppa som samanlikning men vi har også tatt med Kvitsøy i vårt distrikt samt gjennomsnittet for alle kommunane i Rogaland.

### **Tenestar**

Kommunen sine seksjonar (i budsjettet kalla rammeområder) har hovudansvaret for ulike tenestar. I nokre tilfelle vil to eller fleire seksjonar dele på tenesteytinga.

Vi har for kvart rammeområde laga eit "kakediagram" som viser kor stor andel kvar enkelt teneste utgjør innafor området. Diagramma er basert på kostnadene ved ordinær drift inkl. dei nye tiltaka som er foreslått i budsjettet.

Korleis tenestane vert fordelt på det enkelte rammeområdet og innafor rammeområdet vil i stor grad henga saman med intern arbeidsfordeling mellom seksjonane, og denne kan variera litt frå år til år. I 2006 vart reinhald overført frå teknisk til skule og helse.

Ein har ikkje lagt opp til at det blir endringar i ansvaret mellom rammeområda i budsjettet for 2008


### **Andre merknader;**

Kommunen har i mange år tatt inn lærlingar, men på grunn av den stramme økonomiske situasjonen i 2005 og vanskeleg å få rekruttert, har vi ikkje budsjettert med lærlingar i åra framover. Ein ynskjer å starta opp igjen med nye lærlingar men har ikkje lagt dette inn i økonomiplanen.

## Oversikt fond og unyttå lånemidler

		UB
25199001	BD. BUSTADTILSK. TIL	-205 552
25199003	BD. NÆRING ( KOMP.ARB)	-67 825
25199005	BD BOKN BYGDAMUSEUM	-35 455
25199006	BD TAP PÅ ETABLERING	-48 000
25199007	BD STARTLÅN	-412 930
25199008	BD VILTFOND	-24 100
25199009	BD KAIA LARSEN KRO LEGAT	-66 736
25199011	BD HAUGALANDRÅDET	-3 543 028
	<b>Sum bundne driftsfond</b>	<b>-4 403 626</b>
25399300	UK PASIENTROM SJUKESTOVA	-20 000
25399600	UK SKULE	-416 325
25399601	UK ASFALTERING	-9 156
25399602	UK SMÅBÅTHAVN HÅLANDSJØEN	-393 962
25399603	UK KAIANLEGG	-54 809
25399605	UK VEGSKILT	-19 550
25399606	UK VEGLYS	-9 090
25399607	UK KYRKJEBYGD	-37 047
25399610	UK SJUKEHEIMSUTBYGGING	-18 838
25399700	UK UTSTYR BARNEHAGE	-18 319
25399702	UK BUSTADFELT SÆBØ	-24 961
25399703	UK UTEOMRÅDEPLAN FØRESVIK	3 104
25399704	UK VEGKRYSS JØSANG	-100 000
25399706	UK KJEKT PÅ BOKN	-298 000
	<b>sum øyremerka kapitalfond</b>	<b>-1 416 953</b>
25399000	UK KAPITALFOND til disp.	-204 889
25599000	LÅNEAVDRAGSFOND	-305 000
25699000	DISPOSISJONSFOND	-2 524 190
25699003	DF LØPEBANE (VANNVERK)	-65 000
25699004	DF EDRUSKAP	-13 207
25699005	DF HELSE / KOMPETANSEUTVIKLING	-85 525
25699006	DF NÆRINGSUTVIKLING	-7 316
25699008	DF NYDYRKING	-14 977
25699010	DF KULTURPRIS	-4 363
25699011	DF BYGDABOKFOND	-15 467
25699102	DF - STØVAVTREKK SKULEN	-24 000
25699103	DF - UTEAREAL SKULEN	-35 000
25699104	DF - MUSEUM	-30 000
25699105	DF - AKUB	-56 000
25699107	DF - KYRKJEBYGD	-25 000
25699108	DF - KLOAKK	-32 486
25699110	DF PROFIL	-56 775
25699111	DF KULTURELL SKOLESEKK	-30 000
25699112	DF KOMPETANSELØFT	-45 000
25699114	DF STARTLÅN	-90 506
25699115	DF KJEKT PÅ BOKN	-48 244
25699116	DF Kommunale vegar	-300 000
	<b>sum øyremerka disposisjonsfond</b>	<b>-978 867</b>
29100030	UBRUKTE LÅNEMIDLER	43 965
29100070	UBRUKTE LÅNEMIDLER ENERGISPARE	60 000
29100080	UBR. LÅNEMIDLER UTBEDRINGSLÅN	114 000
29100114	UBR. LÅNEM. UV-ANLEGG	24 686
	<b>sum ubrukte lånemidler</b>	<b>242 651</b>

## Rammeområde 1 – Sentraladministrasjonen



Rammeområdet omfattar utgifter til politisk styring og kontroll, administrasjon og næring. I tillegg har sentraladministrasjonen innkjøp og koordinering av ein del varer og tenestar som vert fordelt på dei ulike tenestane etter forbruk. Frå og med 2006 har Bokn også fått rekneskapsføringa for Haugalandrådet. Budsjettområdet har difor fått ei volumauke på ca 1,5 mill. frå 2006.

**Teneste 1000 Politisk styring og kontrollorganer**

Kostnadene som er knytta til denne tenesta er godtgjering til folkevalde, utgifter til val, partistøtte, medlemsskap i politiske foreningar, annonsering, saksdokument og revisjon. I tillegg er her også lagt inn kr.960.000,- i "reserverte løyvingar" som kan nyttast til ekstraordinære utgifter som kan koma i budsjettåret.

## Kostra nøkkeltal rekneskap 2005

	Bokn	Bokn	Bokn	Rogaland gj.snitt	Gruppe 06
	2004	2005	2006	2006	200
Brutto driftsutgifter til politisk styring og kontroll (funksjon 100) i kr. pr. innb.	1631	1783	1941	313	1197

Utgiftene til politisk styring og kontroll ligg høgare enn andre kommunar som vi vert samanlikna med (gruppe 6). Utgiftsauken i 2006 skuldast meirutgifter i samband med utgiftene til utgreiing av kommune samanslåinga.

Kostnadene er fordelt slik

Honorar/møtegodtgjersle	60%
Utgifter til materiell etc.	30%
Tilskot/kontigentar	10%

Budsjettet for 2007 har ei utgift pr. innbyggjar på kr. 1518,-

Slettet: utgift

**Teneste 1200 – 1203 Administrasjon**

Tenesta skal omfatta alle administrasjonsutgifter som ikkje direkte kan relaterast til andre tenestar og som er felles for heile kommunen, dvs. rådmann samt alle fellesfunksjonane slik som økonomi, personal, It og servicetorg.

## Kostra nøkkeltal

	Bokn	Bokn	Bokn	Rogaland gj.snitt	Gruppe 06
	2004	2005	2006	2006	200
Brutto driftsutgifter til administrasjon (funksjon 120) i kr. pr. innb.	4104	3873	3716	2126	6412

Kostra nøkkeltala for 2004 -2006 viser at kommunen har redusert sine utgifter til administrasjon. Fortsatt er utgiftene høgare enn gjennomsnitt for Rogaland, men vesentleg lågare enn for kommunegrupp 06 som Bokn blir samanlikna med. Utgiftene til administrasjon fordelt pr. innbyggjar vil alltid bli høge i kommunar på Bokn sin storleik, samanlikna med større kommunar. Desse faktatala må ein sjå i forhold til kva som er definert som administrasjon i kvar kommune, og i små kommunar utfører tilsette i administrasjonen mange oppgåver for tenesteområdene. Desse oppgåvene er det vanskeleg å talfeste nøyaktig.

I 2007 er kostnaden budsjettert til; kr.3700,-

Samarbeidet med SR-bank har ført til at årsverka i administrasjonen er redusert frå 6,29 til 5,95. Dvs ein reduksjon på 34%. Innsparinga i lønsutgifter er brukt til å finansiera kjøp av tenester frå SR-bank. 20% av datastillinga vert solgt til Utsira og resten av stillingane i sentraladministrasjonen (5,75%) vert brukt til fellestenester, sekretærfunksjon for politiske utval og administrasjon.

Til sentraladministrasjonen ligg fylgjande oppgåver:

- Politisk sekretariat for kommunestyre, formannskap og forvaltningsstyre
- Leing av kommunen, samordning av kommunale tenestar, intern og ekstern informasjon, overordna arbeid med lover/rutiner/reglementer etc.
- Budsjett, lønsarbeid, rekneskap, fakturering og skatteinnkrevjing
- Sentralbord, postbehandling, arkivering, kundemottak;
- Drift av datanettet, sikring av data etc.
- Interkommunalt samarbeid
- Næringsarbeid

#### Serviceorget

15. august 2007 blei samarbeidet med SR-bank formelt starta opp. Samarbeidet med SR-bank fører til endringar i arbeidsoppgåvene for serviceorget. Kundemottak, sentralbord og generell informasjon skal i stor grad utførast av tilsette i SR-bank. Dette vil gi dei tilsette i serviceorget mulighet til å ha større fokus på interne tenester slik som postbehandling, arkiv, arbeid med tilrettelegging av politiske møter og møtepapirer, berekning av politiske godtgjersler, tilskudd politiske partier etc. Serviceorget har ansvaret for felles innkjøp av kontormateriell, o.a. Serviceorget skal i tillegg utføre oppgåver for seksjonane, og vert ved behov involvert i enkeltsaker f.eks gjeldsrådgivning.

Førstelinjetenester for Haugaland likningskontor retta mot innbyggerar i Bokn vert etter avtale utført av serviceorget. Ein utfører også enklere informasjonsarbeid for Aetat

Serviceorget har i samsvar med forskrifter utarbeidd plan for oppdatering av arkivlokaler i kommunen og kartlagt utstyr som ikkje oppfyller arkivlov. Samlokaliseringa med SR-bank førte til at vi fekk tilgang på nytt arkivlokale som ein no er i ferd med å ta i bruk.

#### IT ;

Totalt har kommunen nå 170 pc'ar fordelt på brukarar i administrasjonen og seksjonane. Mange av desse maskinane er knytt til skulen.

Den kommunale verksemda i dag er heilt avhengig av eit godt fungerande ikt-system, med nettverksforbindelse både internt og eksternt.

Kostnadene med programvare og maskinpark er store, og det må jevnleg foretas oppgradering av utstyret.

IKT - drifta i Bokn fungerer tilfredsstillande i dag, men kommunen har ikkje tilfredsstillande breibandstilknytting.

#### Økonomiavdelinga

har i budsjettet lagt opp til same kostnadsnivå som i 2007.

Hovudoppgåvene i avdelinga er skatt, rekneskapsføring, løn, fakturering, budsjett, innkjøpsavtalar, personalpolitikk og HMS. Avdelinga har det overordna ansvar for at sentrale lover og reglar innan rekneskap/økonomiforvaltning og løn/arbeidsforhold/HMS vert ivaretatt, og utarbeide/revidere lokale reglement og retningslinjer innfor desse områdene. Utover dei faste oppgåvene har avdelinga fokus på å gi service til seksjonane og hjelpe til med rapporteringar, statistikkar, berekningar etc. der det er behov.

Samarbeid med andre kommunar er svært viktig innfor desse områdene. Små og mellomstore kommunar har normalt enkeltpersonar i desse funksjonane og manglar fagmiljø i eigen kommune. Dei samarbeida som er oppretta til no har vore tenelege for kommunen, bl.a.

innkjøpssamarbeidet, interkommunal revisjon og arbeidsgivarkontroll. I tillegg har økonomisjefane eit tett samarbeid, og dette gir eit godt fagmiljø som sikrar at kvaliteten i økonomiarbeidet i kommunane er god og samordna i Haugalandskommunane. Personalansvarlege i dei små og mellomstore kommunane i distriktet har også eit nært fagleg samarbeid.

Staten har fleire gonger starta ein prosess for å få skatteoppkrevjarfunksjonen tilbakeført til staten. Inntil vidare har dette ikkje ført til nokon endringar, men prosessen pågår framleis. Inntil vidare vil økonomiavdelinga ha denne funksjonen som tilsvargar ca 0,4 årsverk.

Unique sine løn-, faktura og [økonomiprogram](#) vart innført i 2000 og har vore eit driftsikkert verktøy som har utvikla seg med god [funksjonalitet](#), [samkjøring mellom dei ulike programma](#) og brukarvenlege WEB-løysningar. Innføring av fakturascanning i 2006 har også vore svært vellukka, og kor dette har ført til betydeleg arbeidslette for seksjonane. Drifta av programma inkl. server er lokalisert til Sykkylven kor vi har driftsavtale med eit lokalt firma. Avdelinga har ingen planar om endring i drifta.

Nytt program for skatterekneskapet vert innført i slutten av 2007, og Utgiftene til vedlikehald og driftsavtalar for dataprogramma for økonomi, fakturering, fakturascanning, lønn/personal og skatt er budsjettert til kr. 300.000.

Innafor personaltenesten har vi som tidlegare budsjettert med utgifter til gratiale, HMS arbeid og velferdstilbod til dei tilsette og kostnadene til Haugaland HMS senter. I tillegg har vi for 2008 og åra framover lagt inn kr. 160.000 for seniorpolitiske tiltak ihht, vedtatt plan for seniorpolitikk.

I budsjettet for 2007 har vi videreført same drift som tidlegare. Den enkelte seksjon har budsjettert inn konkrete HMS tiltak etter behov.

### **Teneste 1300 Administrasjonslokaler**

Kommunen kjøpte SR-bank sin del av bygget i 2007 og leiger nå ut lokalene til SR-bank. I tillegg leiger vi ut lokale til NAV. annleige.

Dette er 28% av kostnadene for vaktmestertenesta, reinhald, straum, vedlikehald o.a. liknande kostnader som gjeld Boknatun. Sidan Boknatun er eit kombinasjonsbygg har vi anslått at ca 28% er den andelen av bygget som vert brukt til administrasjonsbygg.

### **Teneste 1800 Diverse fellestenestar**

Tenesta inneheld utgifter til forsyningsnemnda, sivilforsvaret, eldreråd og forliksrådet. Her budsjetterer vi også pensjonsavvik, denne er lagt inn på same nivå som tidlegare med 500.000. Dei øvrige tenestane er også budsjettert med same prisjusterte nivå som i 2006.

### **Teneste 3250 Tilrettelegging om bistand til næringslivet**

Bokn kommune har eit sterkt fokus på næringsutvikling både lokalt og regionalt. Kommunen ser det som viktig at det både blir skapt arbeidsplassar lokalt i kommunen og regionalt i det felles busetting- og arbeidsmarknaden vi har på Haugalandet. Ein ser nær samanheng mellom etablering av lokale arbeidsplassar og økt busetting og vekst i kommunen.

Økonomiske forhold gjer det vanskelegare no enn tidlegare å finna økonomisk handlingsrom for ein aktiv lokal næringspolitikk. Heller ikkje kan kommunen forventa seg statlege midlar til næringsutviklingsarbeidet i kommunen.

Arbeidet med å oppretthalde busetting og vidareutvikla Bokn som ein god stad å bu og veksa opp vil likevel fortsatt måtta ha høg prioritet, noko ein også gjer gjennom prosjektet "Kjekt på Bokn". Ein ser det som viktig at Bokn prioriterer næringsutviklingsarbeidet framover.

Ein har lagt fylgjande hovudmålsetting til grunn for det vidare næringsutviklingsarbeidet:

”Næringsutviklingsarbeidet i Bokn skal leggja til rette for å bevare og vidareutvikla eksisterande næringsliv og leggja til rette for nye næringsetableringar i kommunen.

Bokn vil spela ein aktiv rolle i regionalt næringsarbeid gjennom deltaking i Haugaland Vekst IKS, Haugalandrådet, Haugaland Kraft a.s og Destinasjon Haugesund og Haugalandet.”

Utgiftene til næringsarbeidet ligg i budsjettframlegget for 2008 på same nivå som i 2007. Som tidlegare er det sett av midlar til Bokn Næringsforum, Destinasjon Haugesund og Haugalandet og Vinterlandbrukskolen.

Revidert avtale med Tysvær om felles landbrukskontor gjer at kostnadene auker til ca. kr. 280.000,- . Dette er ei dobling i forhold til kva vi har betalt tidlegare år, men er i tråd med det som Bokn kommune får overført i rammetilskottet til drift av landbrukskontor. I tillegg har vi i budsjettet kr. 200.000,- til drift av felles næringssekskap, Haugaland Vekst IKS.

Næringsutviklingsarbeidet vil fortsatt vera eit hovudarbeidsområde for ordførar og rådmann, sjølv om kommunen er deltakar i Haugaland Vekst IKS.

Det er på gang spennande næringsprosjekt på Bokn. Bokn Plast as er fortsatt inne i ei positiv utviklinga. Industriutvikling knytta til prosjekt vedk. fornybar energi kan gi vekst og utfordrande oppgåver i framtida.

Vidare er det planar om å bygge ein stor båtgarasje i Knarholmen. Prosjektet er forventa å starte opp 1. halvår 2008.

Ein vil også nemne Coop Haugalandet som har tatt eit stort økonomisk løft både inne på butikken og på uteareal/småbåthamn for å skapa trivleg handel og eit godt miljø i Føresvik.

Det er også på gang spennande utvikling i nærområda til Bokn. Gasskraftverket på Kårstø er i drift, industriområde på Gismarvik er markert opna, det arbeides med etablering av ein stor næringspark på Hydro sitt anlegg på Karmøy og Hydro planlegg ombygging og utviding av aluminiumsverket på Håvik. I tillegg gjer ein rekning at T-forbindelsen til Karmøy blir starta opp i slutten av 2008.

Bokn ligger sentralt i forhold til dei store næringsprosjekta som blir bygd ut dei kommande åra, noko ein ser som ein stor fordel både for industrietablerar på Bokn og for dei som vil busetje seg i kommunen.

Planane for utbygging av Rogfast Bokn kommune trur ein og etableringen av ein ferjefri vegforbindelse til Stavanger-regionen vil bidra til auka opptimisme, busetting og næringsetablering. Kommunen deltar i arbeidet med planlegging av Rogfast både politisk og administrativt.

### **Teneste 3251 Landbruk**

Kommunen har avtale med Tysvær om kjøp av tenester frå landbrukskontoret. Kostnaden er fom 2008 auka frå 142.000 til ca. 280.000,-. Det er som tidlegare sett av kr. 40.000,- som tilskott til nydyrking og kr. 10.000,- til Forsøksringen. I tillegg er det sett av kr. 60.000,- til tilskott til kjøp av mjølkekvotar.

### **Teneste 3900, 3930 Den norske kyrkja og kyrkjegard**


Sidan dei sentrale overføringane til kyrkja er redusert dei siste åra, har kommunen sine løyvingar auka. Tilskottet var justert i 2007 og nivået er videreført i 2008 med kr.678.600.- i overføring til kyrkje og kyrkjegard.

Av denne overføringa vert kr. 84.000 ført tilbake til kommunen som refusjon for administrative og tekniske tenester bl.a. kjøring av løn, føring av rekneskap, telefon, vedlikehald etc. Netto overføring til kyrkja

I tillegg til det ordinære tilskotet til drift av kyrkje og kyrkjegard er det i budsjettet for 2005 – 2008 lagt inn kr. 100.000,- i årlege tilskot, slik at ein kan utføre ein del nødvendig vedlikehald og lignande på kyrkja.

#### Diverse andre tenester.


Rammeområdet har også ansvar for innkjøp av varer og tenester som vert fordelt på alle andre tenester. Utgiftene gjeld bl.a. telefon, rekvisita, data, forsikring og liknande. Totalt utgjør dette i overkant av 3.mill. av rammeområdet sitt budsjett.



## Rammeområde 2 - Seksjon kultur, skule og barnehage

### Seksjonen omfattar

- Generelt kulturarbeid, ungdomsarbeid, kunstformidling, idrett og friluftsliv.
- Bokn museum.
- Bokn bibliotek.
- Bokn musikk og kulturskule.
- Bokn barnehage.
- Bokn skule.
- Vaksenopplæring etter Opplæringslova.
- Pedagogisk psykologisk teneste (Tysvær PPT i Aksdal).
- Bygdabladet for Bokn.



### Netto budsjetttramme

Rådmannen har prisjustert netto budsjetttramme for seksjonen med 4,2% i høve til budsjettet for 2007, og overført 56.000 frå andre seksjonar (Bygdabladet 40.000 og "MOT" 16.000), slik at seksjonens netto budsjetttramme for 2008 i utgangspunktet er kr 12.788.000, medrekna 150.000 ekstra til lærebøker ved innføringa av Kunnskapsløftet.

I tillegg har rådmannen lagt inn i sitt framlegg til driftsbudsjett følgjande nye tiltak:

Teneste	Nye driftstiltak som er med i rådmannens framlegg til driftsbudsjett 2008	Beløp
2020	Gratis frukt og grønt til skuleelevane.	87.000
2020	• Auka timetal i småskulen frå 01.08.2008	65.000
2020	• Det nye faget "Programfag til val".	15.000

	2221	Auke i utgiftene til midtskyss og skyss til symjing	220.000
	3350	• Den 3. velforeininga, stønad likt med dei andre.	5.000

Dei nye tiltaka er nærare omtalt under dei ulike tenesteområda.

Rådmannens netto driftsbudsjetttramme for seksjonen blir med desse tillegg kr 13.180.000.

### Investeringar

Rådmannen har sett opp 2 nye investeringstiltak i 2008.

	Teneste	Nye investeringstiltak i 2008	Beløp
	2010	Utvida barnehagekapasitet.	340.000
	2020	• Oppfølging av IKT-planen i skulen, 3. og siste året	200.000

Tiltaka er omtala under sine tenesteområde.

### Nye driftstiltak som rådmannen ikkje har funne rom for i sitt budsjettframlegg

	Teneste	Nye driftstiltak som ikkje er tatt med i rådmannens framlegg til driftsbudsjett 2008	Beløp
	2020	Koppar og kar på kjøkkenet.	60.000
	2020	• Høge bord og stolar i småskulen	50.000
	2020	• Tur for 10. klasse innanfor gratisprinsippet.	30.000
	2020	Klasseromma til 1-7 kl, ei første utgreiing av alternativ	15.000
	2020	Utstyr og ordna lagerplass i gymnastikksalen	90.000
	2210/2220	HMS-tiltak reinhald barnehagen og skulen	30.000
	2311	• Kyrkjebygd kulturhus, alarmanlegg	20.000
	3350	• Vedlikehald leikeplassar, formannskapssak 36/07.	50.000
	3700	Auke i opningstida for skulebiblioteket	41.500
	3730	Kino, fleire kinokveldar	5.000
	3730	Kino, bredt lerret og kinolyd	85.000
	3750	• Museet, assistanse ved besøk	10.000
	3850	Bygdabladet freelance-journalist	10.000
	3850	Bygdabladet, trykking, auka kostnader	31.000

Tiltaka er omtala under sine tenesteområde.

### Brukarbetaling

Rådmannen har følgjande framlegg til endringar i brukarbetalinga:

	Framlegg for 2008	Merknad
Barnehagen	Inga endring	
SFO	Frukt gratis frå 01.01.08, elles inga endring.	Kjem ny sak til våren om opningstider og betalingssatsar frå 01.08.08.
Musikkskulen	Inga endring	

## Samanlikning med andre kommunar gjennom tal frå KOSTRA

Kultur	Bokn	Bokn	Bokn	Bokn	Små kom.	Roga land
	2003	2004	2005	2006	2006	2006
Netto driftsutgifter til kultur per innbyggjar i kroner	1842	2268	2234	2168	1892	1920
Netto driftsutgifter til folkebibliotek per innbyggjar	592	553	579	533	244	391
Bokutlån frå folkebiblioteket per innbyggjar i alt	10,9	10,7	10,1	12,2	4,4	4,5
Netto driftsutgifter til musikk og kulturskular per innbyggjar	211	234	262	342	226	384
Netto driftsutgifter til aktivitetstilbod til barn og unge per innbyggjar	177	415	470	298	167	172
Netto driftsutgifter til idrett per innbyggjar	113	114	90	62	459	281

Grunnskulen, vaksenopplæring og skulefritidsordning	Bokn	Bokn	Bokn	Bokn	Små kom.	Roga land
	2003	2004	2005	2006	2006	2006
Gj.sn. gr.storleik 1. – 7.	10,7	12,1	13,8	11,3	9,3	13,2
Gj.sn. gr.storleik 8. – 10.	7,6	4,7	5	6,3	9,8	14,9
Netto driftsutgifter per innbyggjar til:						
Grunnskuleundervisning	10.696	10.753	10.777	10.985	10.028	7.862
Skulelokalar og skyss	2.743	2.527	2.629	3.551	2.941	1.532
Skulefritidsordning	546	525	279	198	242	145
Grunnskuleoppl. for vaksne	74	26	132	290	74	133

Barnehagen	Bokn	Bokn	Bokn	Bokn	Små kom.	Roga land
	2003	2004	2005	2006	2006	2006
Netto driftsutgifter til barnehagen per innbyggjar	926	1140	1281	1308	--	--
Andel barn 1-2 år i komm.l barnehage i forhold til innbyggjarar 1-2 år	35,3	46,2	42,9	47,1	66,7	57,6
Andel barn 3-5 år i komm.l barnehage i forhold til innbyggjarar 3-5 år	94,3	96,3	87,5	85,7	92,7	91,9

Dei ulike tenestekområda**Teneste 2010 Barnehage**

Netto budsjett for 2007 var på 237.000 mens det for 2008 er budsjettert med 274.000.  
Brutto budsjett for 2007 var opphavleg på 2,832 mill og for 2008 er det budsjettert med 3,699 mill.

Det er lagt inn 8,6 årsverk, 7,5 faste og 1,1 av dei 1,5 som er mellombelse i samband med utvidinga inneverande barnehageår. Det er usikkert om dette held, det kan bli naudsynt å bruke alle 9 årsverka.

Inntektsida er vanskeleg å berekne. Regelverket for statsstønad er detaljert og ikkje alltid til vår fordel. Rådmannen understrekar at det hefter stor usikkerheit med både inntektsida og utgiftsida i budsjettet.

Rådmannen vil tidleg i 2008 kome med ny sak om drifta av barnehagen, slik det er nemnt i saka til kommunestyret om kapasitetsutviding/full barnehagedekning. Saka vil omhandle drifta etter sommarferien, og eventuelle budsjettjusteringar.

Full barnehagedekning.

Rådmannen legg fram for kommunestyret eiga sak om utviding av barnehagekapasiteten frå 01.08.2008 med ca 25 plassar, frå 40 til ca 65. Oppstartkostnaden med dei ulike tiltaka er antatt å bli kr 340.000, mva ikkje medrekna. I desse tala ligg følgjande

Leikeapparat for dei aller yngste.	40.000
Enno ei sandkasse, med vindskjerming og anna.	20.000
Supplering med fleire leikeapparat til dei eldre.	40.000
Høg levegg ved porten	20.000
Vognskur til 10 barnevogner. Låsbart, med god lufting.	60.000
Inventar og eventuelle bygningsmessige justeringar	60.000
Trelavvo med oppbygging av leirplass	100.000
Sum	340.000

(Lavvo og levegg/leikeutstyr til barnehagen låg inne i planen for nærmiljøprosjektet for Føresvik i 2005 og 2007, med kr 80.000 og 60.000. Sjå under teneste 3350.)

Tiltaka er rekna som naudsynte skal ein sikre full barnehagedekning slik lova pålegg kommunen. Det er usikkert om investeringa vil utløyse statlege tilskott, og i så fall kor mykje. Rådmannen har difor lagt heile beløpet på kr 340.000 inn i investeringsbudsjettet, så får eventuell korrigering for inntekt bli tatt med ved ei seinare budsjettjustering.

Foreldrebetaling.

Det er ikkje aktuelt å foreslå takstendringar anna enn det Stortinget eventuelt gjer vedtak om. Det er så langt ikkje varsla at Stortinget kjem til å gjere endringar for 2008, slik at terminbeløpet på kr 2.330 for heildagsplass kjem til å stå uendra.

Etter våre vedtekter for barnehagen skal endringar i betalingssatsane normalt først gjelde frå 01.08.2008. Uansett skal foreldra etter vedtektene ha minst 3 månaders varsel om auka satsar.

### HMS-tiltak.

Den årlege HMS-undersøkinga for barnehagen blei gjennomført i september. Resultatet er ikkje ferdig behandla, men ei rask gjennomlesing av svara viser at mykje av det som kom fram vil kunne bli ordna i samband med utvidingstiltaka.

I tillegg er det ønskje om ei raskare oppvaskmaskin på kjøkkenet, for å få arbeidet gjort meir effektivt.

Støynivået i barnehagen har ofte vore nemnt i HMS-undersøkingane. Dei siste tilbakemeldingane er at dette helst er ei organiseringsutfordring for personalet, og at det for tida ikkje er aktuelt å vurdere nye fysiske tiltak.

Det blir meldt at dei mindre grupperomma til tider har dårleg luftkvalitet.

### **Teneste 2020 Grunnskule**

Netto budsjett i 2007 var på 8.770.000 mens det for 2008 er budsjettert med 8.145.000. Bruttobudsjettet var 11.435 i 2007 mens rådmannens framlegg for 2008 er på 12.205, medrekna nye tiltak for kr 167.000. Rådmannen har lagt inn forventna auke i inntektene, men det må understrekast at storleiken på denne er usikker. Elles er stillingstalet oppretthalde på nivået frå hausten 2007, mens det er gjort reduksjon i ein del forbrukspostar med til saman 55.000.

### Stillingstalet frå 01.08.2008

Skulen har ikkje eit eintydig vedtak om stillingstal, men har kvart år dei siste 10 åra tilpassa det samla talet på årsverk til budsjettramma. Denne tilpassinga skjer normalt i august ved starten av eit nytt skuleår.

Dette gjeld summen av stillingane til elevassistentar og pedagogisk personale i skulen (teneste 2020), stillingane i SFO (teneste 2150), stillingane i vaksenopplæringa (teneste 2130), og stillingane for styrkingstiltak for born i førskulealder (teneste 2110).

I 2006 og 2007 var dei på 18,3 årsverk, og for 2008 er det budsjettert med 18,5 årsverk. (Stillingsauken på grunn av utvida timetal i småskulen er ikkje med i tala)

I tillegg kjem stillingane som er heilt ut refundert av andre kommunar eller av Utdanningsforbundet, og som ikkje er "synlege" i eit nettobudsjett. Desse stillingane utgjør 5,5 årsverk ved starten av 2008.

### Generelt om disponering av stillingstalet frå 01.08.2008

Samanslåing av klassar:

Det er ikkje rom for meir samanslåing av klassar. Ein del av samanslåinga av årssteg i fag inneverande skuleår ligg i ei gråsonen når det gjeld lovoppylling, og er heller uheldig når ein skal arbeide for optimal kvalitet i undervisninga. Omfanget av samanslåing bør reduserast neste skuleår.

Spesialundervisning:

Det er vanskeleg å seie noko sikkert no om behovet neste skuleår når det gjeld spesialundervisning og spesialtiltak retta mot førskulebarn/einskildelevar. Men utviklinga synest gå mot aukande behov for tiltak blant barn i førskulealder og elevane i dei lågaste klassane, utan at behovet blant dei eldste elevane vil kunne synke tilsvarande i nær framtid. Det ligg fleire saker i kø hos PPT.

### Avslutningstur for 10. klasse

Det er vedteke i retningslinene for skuleturar at rektor kan godkjenne slike turar dersom gratisprinsippet blir respektert, foreldra og elevane er sterkt engasjert i arrangering av turen med mellom anna inntektsgevande tiltak, turen har eit tungt fagleg innhald, og rektor finn budsjettdekning for den delen av utgiftene som kommunen må ta. Antatt ekstra utgifter for kommunen på grunn av slike turar er vurdert til 30.000.

Rådmannen ser det verdifulle i slike turar som 10. klasse har hatt dei siste åra, men har ikkje funne rom for 30.000 til dette formålet i sitt budsjettframlegg.

#### Utskifting av lærebøker

"Kunnskapsløftet" med ny læreplan og nye lærebøker skal innførast i perioden 2006 – 2008. Hovudtyngda av lærebokinnkjøpa i Bokn var planlagt gjort i 2007 og 2008. I 2006 blei det kjøpt ein del nye lærebøker i norsk til småskulen og spansk-bøker til ungdomssteget. Det blei ikkje bedt om ekstra løyving i 2006 og det blei redusert på ordinære lærebokinnkjøp med unnatak av det som er nemnt om norsk og spansk.

Ei utrekning gjort i 2005 viser at kostnadene til lærebøker og tilhøyrande læremiddel for vår skule blir på ca 240.000 for ungdomssteget og 370.000 for barnesteget. Staten har lagt ekstra bidrag til lærebøker inn i rammetilskotet til kommunane både i 2006 og 2007.

Rådmannen har lagt inn kr 150.000 ekstra per år til nye lærebøker i 2007, 2008 og 2009. Resten av lærebokutgiftene bør kunne dekkast over det vanlege driftsbudsjettet.

#### Oppfølging av IKT-planen for skulen

IKT-planen blei vedteke av kommunestyret 13.12.2005.

I budsjettvedtaket for 2006 blei det tatt inn berbare pc-ar til lærarane og delstilling for pedagogisk ressursperson. I budsjettet for 2007 blei det tatt inn 3 elevsett med berbare elevmaskinar. Elevmaskinane er plassert i dei 3 undervisningsavdelingane og sikra med alarm.

Budsjettoppsettet i den vedteke IKT-planen for skulen (Oppfølging av planen skjer i budsjettvedtaket for kvart år)	Budsjett 2006	Budsjett 2007	Budsjett 2008
Ressursperson: Pedagogisk "superbrukar"	90.000	90.000	90.000
Ressursperson: Teknisk "superbrukar"	45.000	90.000	90.000
Grunnleggjande føresetnad at systema har tilnærma 100% oppetid.	0	0	0
Kompetanseheving, interne og eksterne kurs (Finansiert gjennom dei to nye stillingane og midlane i kompetanseplanen til "Kunnskapsløftet")	0	0	0
Berbare PC-ar for lærarane	200.000	0	0
Elevane: Citrixserver inklusiv lisensar, installasjon og klargjering		80.000	
Elevane: Lisensar, server + citrix 90 stk		126.000	
Elevane: 3 racks a 15 berbare med wlan		420.000	
Elevane: Mooncape, 45 lisensar		9.000	
Pedagogisk programvare	15.000	15.000	50.000
Elevane : 3 skrivarar	12.000		
Elevane: 3 projektorar for fastmontering i klasserom			24.000
Elevane: 1 whiteboard			50.000
Sum	362.000	830.000	304.000

Etter IKT-planen var 2006 året for satsing på lærarane, og 2007 året for satsing på elevane.

I løpet av 2006 og 2007 er det gjennomført ei opprusting av IKT-kompetansen hos lærarane, både når det gjeld bruk av dei nye berbare pc-ane, og når det gjeld bruk av LMS (Learning Management System).

Underveis i dette oppgraderingsarbeidet har vi erfart at investering i opplæring er like viktig som investering i utstyr. Utan eit grundig og langvarig opplæringsløp vil investeringane i utstyr bli dårleg utnytta. Lærarane/fagpersonalet har hatt kontinuerleg kursing sidan dei fekk sine pc-ar i 2006, og denne opplæringa vil halde fram også i 2008.

Vi ser at IKT blir meir og meir brukt i undervisninga hos oss no som utstyr og opplæring av personalet delvis er på plass, og vi meiner vi er på rett veg. Det er lagt vekt på å få alle med i IKT-utviklinga, uansett tidlegare kunnskapar og føresetnader.

Det vil vere naturleg å gjere ei grundig undersøking av status ved avslutninga av den 3-årige IKT-planen i 2008.

Det siste steget i IKT-planen er investering i felles utstyr i undervisningsromma. Det gjeld elektroniske tavler med vidare. Det er nokre år sidan planen blei laga, og utviklinga innan dette området går så fort at ein bør vurdere oppsettet i planen for 2008 på nytt før ein investerer. Ei slik ny vurdering er ikkje gjort enno på grunn av sjukdom. Rådmannen vil rå til at ein sett av kr 200.000 i investeringsbudsjettet for 2008 til slutføring av 3-årsplanen, og at ein får kome attende til detaljane når IKT-personalet er på plass igjen.

#### Kunnskapsløftet – Plan for kompetanseheving

Kommunestyret vedtok 21.03.2006 planen for kompetanseheving for 2006. Planen blei revidert våren 2007 og blir revidert på nytt våren 2008 for skuleåret 2008/09.

Budsjettoppsettet for 2008 er førebels som vist under.  
(Kursavgifter, kursmatriell, reiseutgifter og vikarutgifter)

Utgifter	CaFordeling 2005	Budsjett 2006	Budsjett 2007	Budsjett 2008
Spansk	30.000	60.000		
Tysk	0	18.000		
Naturfag (interkommunalt)				20.000
Matematikk (interkommunalt)			40.000	
Læreplankompetanse	5.000	20.000	5.000	10.000
ADHDemne, sosiale tilp. / OK-prosj.	35.000	30.000	10.000	20.000
IKT- opplæring	0	30.000	15.000	40.000
Læringsstrategiar, læringsmiljø, plan for skulen om bruken av læringsstrategiar	20.000	122.000	130.000	40.000
Skuleleiing	10.000	10.000	10.000	10.000
Yrkesrådgjeving	0	10.000	3.000	20.000
Andre prioriterte tilbod / nye fagtilbod	50.000	30.000	45.000	90.000
Sum utgifter	150.000	330.000	258.000	250.000
<b>Finansiering / inntekter</b>				
Statstilskott 2. framandspråk	10.000	39.000		
Kommunebidrag 2. framandspråk		39.000		
Tilskott naturfag (interkom.)				
Tilskott kompetanseoppbygging	90.402	88.000	85.000	80.000
Overført statstilskott frå 2005 til 2006	- 30.000	30.000		
Kommunen (ligg fordelt i budsjettet)	79.598	134.000	173.000	170.000
Sum finansiering/inntekter	150.000	330.000	258.000	250.000

I budsjettet for 2008 har rådmannen lagt inn same "skulestandard" kommunalt kostnadsnivå som tidlegare år til kompetanseheving, og rekna at ekstraavgiftene som "Kunnskapsløftet" krev skal

dekkjast ved at det "øyremerka" statstilskottet me får tildelt blir lagt til på toppen av det kommunen har budsjettert. Storleiken på statstilskottet er ikkje kjent enno, men er ført opp med 80.000 i tabellen.

I tariffavtalen for det pedagogiske personalet for perioden 2007 - 2009 står det om 6 utviklingsområde for skulen. Måla på desse 6 utviklingsområda må innarbeidast i kompetanseplanen i for 2008. Dei 6 områda er:

- IKT brukt som hjelpemiddel i undervisning og til undervisningsførebuing.
- Tilpassa opplæring og læringsstrategiar.
- Antimobbearbeid etter OLWEUS-metoden.
- Sosial kompetanse.
- Internasjonalt arbeid.
- Kvalitetssikring og kvalitetsutvikling

#### Auka timetal i småskulen

Regjeringa gjer framlegg om 5 veketimar meir i småskulen frå 01.08.2008. Timane fordeler seg på faga norsk med 2 timar, matematikk 2 timar og engelsk 1 time. Rådmannen har lagt inn i sitt budsjettframlegg for 2008 ei stillingsauke på 30% frå 01.08.2008 med kr 65.000.

Det vil bli ei eiga sak på nyåret om korleis desse timane skal fordelast på årsstega, og kva konsekvensar dei skal få for inndelinga av skuledagen/skuleveka og skuleåret, midtskyssen og SFO.

#### Gratis frukt og grønt til alle elevane

Ordninga med gratis frukt og grønt til alle elevane på 1-10 skular blei innført frå 01.08.2007. Midlane til ordninga blir lagt inn i rammetilskottet til kommunane med kr 3,85 per elev per dag. For budsjettåret 2008 blir det for Bokn kr 87.000 som rådmannen har lagt inn i sitt budsjettframlegg.

#### Programfag til val (PTV) og Haugaland skule - arbeidsliv (HSA)

Programfag til val er innført dette skuleåret som prøveordning i fleire kommunar på Haugalandet, blant dei Bokn. Frå 2008 er faget obligatorisk. Haugaland skule - arbeidsliv organiserer samarbeidet mellom grunnskulane, vidaregåande skular og arbeidslivet. Faget fører til auka utgifter for kommunane.

Fylkeskommunen har laga framlegg til kontrakt mellom kommunane og fylkeskommunen, der det så langt er rekna kr 500 per år per elev på 9. årssteget. Dette beløpet er ikkje endeleg, mellom anna har kommunane på Haugalandet lagt opp til eit høgare besøkstal enn kommunane i sørfylket og fylkeskommunen. I tillegg kjem sannsynlegvis auka transportkostnader, og HSA har varsla at deira arbeidsmengde med det nye faget går ut over dei rammene som ligg i kontrakten med kommunane. Kor mykje dette vil bli er ikkje talfesta enno.

Rådmannen har lagt inn kr 15.000 i sitt framlegg til budsjett. Dette er meint å dekke auka utgifter til PTV. Det er ikkje lagt inn auke til HSA.

### HMS-tiltak

Den årlege HMS-undersøkinga for skulen blei gjennomført i september. Resultatet er ikkje ferdig behandla, men ei gjennomlesing av svara viser følgjande:

- 
- Klasseromma på barnesteget er for små for ein del av klassane. Dette har rådmannen tatt opp i eiga sak med framlegg om at det blir gjennomført eit planarbeid i 2008, og gjennomført tiltak i 2009. Rådmannen meiner det er behov for 15-20.000 til arkitekt hjelp i ei første fase der ein utreder alternative løysingar, men har ikkje funne rom for dette beløpet i sitt budsjettframlegg.
- 
- Personalkontora på skulen har til tider dårleg inneklima. Mykje av årsaka ligg i vindauga. Dei er vanskelege å opne for å lufte på varme dagar, dei er utette slik at me har vanninntrenging og fukt fleire plassar (på nokre kontor blir det klaga over luftvegsproblem/ubehag), og dei burde hatt glas som stoppar meir av innstrålinga av varme på soldagar. Rådmannen meiner arbeidet med utskifting av vindauga i skulebygget hastar, men at det likevel bør vente til 2009, og samordnast med tiltak for å auke klasseromskapasiteten på barnesteget.
- 
- Eit av klasseromma for dei minste har framleis gamle låge bord og stolar som gjev læraren uheldig arbeidsstilling. Elevtalsauken gjer at det også er i bruk nokre låge bord i dei andre 3 klasseromma. For ein del år sida starta utskifting til høge bord og stolar, men denne utskiftinga er ikkje fullført. Rådmannen meiner det er behov for ca 50.000 til dette føremålet, men har ikkje funne rom for tiltaket i sitt budsjettframlegg.

### Koppar og kar på kjøkkenet i skulen

Koppar og kar på kjøkkenet begynner å bli slitt og vil kanskje ikkje kunne godkjennast om mattilsynet kjem på besøk. Utstyret er mykje i bruk og det begynner å bli lenge sidan siste utskifting. Rådmannen meiner det er behov for kr 60.000 til føremålet, men har ikkje funne rom for det i sitt budsjettframlegg.

### PPT

Avtalen mellom Tysvær og Bokn om kjøp av PP-tenester er sagt opp av Tysvær kommune og går ut 31.12.2007. Det er så langt ikkje framforhandla ny avtale, men av dei samtalanene som har vore om avtalen går det fram at Tysvær meiner Bokn må ta noko meir av utgiftene. Så langt har utgiftene vore fordelt etter elevtalet i dei to kommunane.

Tysvær PPT's arbeidsområde omfattar barn i førskulealder, grunnskuleelevar og vaksne som er ferdige med vidaregåande skule. Vidaregåande skule har eigen PP-teneste.

Det er uvisst kva den nye avtalen vil innehalde. Rådmannen har ikkje lagt inn auka betaling til Tysvær i budsjettet for 2008.

78% av utgiftene til PPT er budsjettert under grunnskulen, resten under førskuletiltak og vaksenopplæring, til saman kr 230.000.

### Utstyr og ordna lagerplass i gymnastikksalen,

Utstyrlagerplassen i gymnastikksalen (ved kjøkkenet) er dårleg organisert og vanskeleg å halde i orden. Ein del av utstyret er dessutan modent for fornying. Skulen ønskjer å få orden på dette, med lagersystem med skap og traller, og fornying av utstyr. Rådmannen ser behovet for eit større beløp på rundt 90.000 til dette føremålet, men har ikkje funne rom til det i sitt budsjettframlegg.

**Teneste 2110 Styrkingstiltak for born i førskulealder**

Netto budsjett i 2007 var på 82.000 mens det for 2008 er budsjettert med 204.000. Stillingstalet var 0,6 årsverk i 2007. Våren 2008 er stillingstalet på 1,3 årsverk, men er rekna å gå ned til 0,7 årsverk hausten 2008 dersom det ikkje kjem nye behov.

Det er budsjettert tiltak for dei barna i førskulealder som ein per november 2007 veit PPT meiner treng ekstra hjelp til språkutvikling eller andre ting. Det er budsjettert ut frå det ein veit om behovet i dag.

Forsking har vist at god innsats når det gjeld språkutvikling og åtferd i tidlege år er langt meir effektivt enn innsats når barna er komne halvvegs i grunnskulen og problema blir store. Slik er dette rett satsing for barna, og gunstig økonomisk for kommunen.

13% av PPT- kostnadane våre er budsjettert her.

**Teneste 2130 Vaksenopplæring**

Netto budsjett i 2007 var på 254.000 mens det for 2008 er budsjettert med 243.000. Det er rekna med litt reduksjon i stillingstalet frå 01.08.2008. Første halvår 2008 har 0,6 årsverk som i 2007.

Dette gjeld lovpålagte undervisningsoppgåver etter Opplæringslova § 4A-1 "Rett til grunnskuleopplæring for vaksne" og § 4A-2 "Rett til spesialundervisning på grunnskulen sitt område". Aktiviteten ligg på null når det gjeld §4A-1 og på eit minimum i høve til rettar for vaksne etter §4A-2. Behovet har auka ved at nye vaksne kjem til.

I budsjettet for 2007 skreiv rådmannen at det bør vurderast eit samarbeid med nabokommunen om desse oppgåvene, og at det er planlagt ei grundig gjennomgang og vurdering av tilbodet saman med PPT i løpet av 2007.

Gjennomgangen med PPT er ikkje gjennomført og det er uvisst når dette vil bli gjort. Det er så langt for Tysvær sin del ikkje nemnande interesse for ei brei samarbeidsavtale om vaksenopplæring. Men det er gjort munnleg avtale om at Vaksenopplæringa i Tysvær tek seg av opplæringa for eventuelle vaksne innvandrarar til Bokn med rett til opplæring i norsk og samfunnskunnskap. Dette er ei opplæring som er direkte finansiert av staten.

9% av PPT- kostnadane er budsjettert her.

**Teneste 2150 Skulefritidsordninga (SFO)**

Netto budsjett i 2007 var på 139.000 mens det for 2008 er budsjettert med 142.000.

Dei faste stillingane i SFO ligg kring eitt årsverk, 0,91 årsverk i 2007, 1,04 årsverk i første halvdel av 2008.

Opningstidene i SFO vil bli redusert når småskulen får auke i timetalet, sannsynlegvis med 2 timar kvar måndag. Det er lagt inn i budsjettet reduksjon i drifta med mellom anna ei stillingsreduksjon frå 01.08.2008. Det blir laga sak på nyåret om endringane i SFO.

Etter vedtektene for SFO skal ei eventuell endring av betalingsattsane først gjelde frå 01.08.2008. Det blir ikkje gjort framlegg no om endring av foreldrebetalinga i SFO. Det får ein kome attende til i saka om endra opningstid frå 01.08.2008.

For måltid er det framlegg om uendra betaling 6,75 kr/dag for frukost, men rådmannen rår til at betalinga på 3,25 kr/dag for frukt fell bort frå 01.01.2008. Dette er grunngjeve med at det er innført gratis frukt til alle skuleelevane, slik at det blir kjøpt inn frukt i stort, og det little SFO treng gjer ikkje store forskjellen.

**Teneste 2210 Reinhold i barnehagebygget**

Netto budsjett i 2007 var på 176.000 mens det for 2008 er budsjettert med 182.000. Det er budsjettert med 0,4 årsverk.

#### HMS-tiltak

Det er ein del enkle tilretteleggingstiltak som vil gjere reinhaldsarbeidet lettare. Nokre rom har også detaljar som hindrar eit godt reinhaldsarbeid. Som til dømes personalgarderoben der garderobeskapa står som "eit tusenbein" på golvet.

Rådmannen meiner det er behov for 30.000 til ekstra tiltak som kan betre arbeidsmiljøet for reinhaldarane i barnehagen og i skulen, men har ikkje funne rom for dette i sitt budsjettframlegg for 2008.

#### **Teneste 2220 Reinhald i skulebygget**

Netto budsjett i 2007 var på 830.000 mens det for 2008 er budsjettert med 925.000. Det er budsjettert med 2,3 årsverk.

Reinhaldsarealet blei auka frå 2006 til 2007 (ombygginga i vest) utan et det blei gjort endring i bemanninga. Rådmannen skreiv i budsjettet for 2007 at eventuell justering av stillingane til reinhald må ein få kome attende til når ein har betre oversyn.

Erfaringane som er gjort i 2007 viser at det daglege reinhaldet ikkje fungerer tilfredsstillande utan ei utviding av kapasiteten. Det blei ikkje gjort endringar då nybygget i nord sto ferdig, slik at det var meir enn nok å gjere då nybygget i vest kom i tillegg. Det er dessutan gjort endringar i skuledrifta inneverande skuleår som gjer det vanskelegare for reinhaldarane å jobbe like effektivt. Reinhaldet føregår som kjent dels før skulestart, og dels i skuletida. Reinhaldarane har press på seg for å ha romma ferdige til elevane skal inn, og dei må heile tida tilpasse seg endringar i romplanen.

I 2007 har ein måtte ta i bruk noko ekstra hjelp for å få reinhaldet til å gå rundt i det daglege. Det er lagt inn i budsjettet ekstra hjelp med kr 20.000.

Det har vore underbudsjettert når det gjeld materiell og utstyr. Budsjettet er styrka med 15.000.

Rådmannen skreiv i 2007 at ein del utstyr til reinhald "syng på siste verset" og treng supplering og fornying. Det gjeld mellom anna moppevaskaren. Det er også aktuelt med anna nytt utstyr som vil lette arbeidet og vere gode HMS-tiltak.

Det blei ikkje sett av ekstra midlar til dette i 2007, seksjonen ville prøve å løyse desse utfordringane innanfor driftsbudsjettet for skule/barnehage og investeringsbudsjettet for tilbygget til skulen. Det har bare i liten grad lukkast.

Rådmannen meiner det er behov for 30.000 ekstra til diverse tiltak som kan betre arbeidsmiljøet for reinhaldarane i barnehagen og i skulen, men har ikkje funne rom for dette i sitt budsjettframlegg.

#### **Teneste 2221 Skuleskyss**

Netto budsjett i 2007 var opphavleg på 280.000 mens rådmannen har budsjettert med 500.000 for 2008.

Det er då rekna at utgiftene til skuleskyssen ligg på om lag same nivå i 2008 som i 2006 og som det er varsla at dei vil gjere i 2007. Det er gjort eit fråtrekk for redusert midtsskyss frå august 2008 i samband med timetalsutvidinga for småskulen. Det vil det kome eiga sak om endringane i midtsskyssen.

#### **Teneste 2310 Aktivitetstilbod barn og unge**

Netto budsjett i 2007 var på 170.000 og for 2008 er det budsjettert 186.000.

Det ligg inne 25% stilling som ungdomsarbeidar. Denne stillinga blir i 2008 samordna med tilsvarande stilling innan seksjon helse og omsorg.

Budsjettframlegget har elles med dekning av kostnad/overføring for "MOT"- prosjektet og SLT-koordinator med kr 88.000, og 15.000 i stønad til Petra.

Rådmannen har ikkje funne rom i sitt budsjettframlegg for aktivitetsauke.

#### Teneste 2311 Kyrkjebygd kulturhus

Det er budsjettert med 6.000 til oppfølging av gjeldande reinhaldsrutine i kulturhuset.

Rådmannen ser behovet for kr 20.000 til brannvarslingsanlegg men har ikkje funne rom for det i sitt budsjettframlegg.

#### Teneste 3350 Parkar, plassar og torg

Det er budsjettert med 10.000 til vedlikehald av leikeapparat, som i 2007. For 2008 er det også budsjettert med 15.000 i kulturmidlar til dei 3 velforeiningane.

I formannskapssak 036/2007 blei det gitt 50.000 til vedlikehald av leikeplassar. Rådmannen ser behovet for vidareføring av eit tilsvarande beløp til vedlikehald av leikeplassar og nærmiljøanlegg i 2008, men har ikkje funne rom for det i sitt budsjettframlegg.

#### Nærmiljøprosjektet i Føresvik

Kommunestyret vedtok i mars 2005 å arbeide etter nedanstående plan

	2005	2006	2007	2008
Skule /klubbhus/ løpebane	Leikeplass/ søknad 1/ Sandvolley 265.000	Søknad 2 Ballbinge 99.632 Bord/ benker/ blomsterkassar 18.000	Søknad 3 – løpebane 56.731 Forstøtningsmur/ beplantning 100.000 Sjakk/dam/ Møllebrikkar 11.258	Puttball 40.000 Tribune 50.000 Curling 13.550
Barnehage		Lavvo 80.000		Levegg/leikehytte/vippedyr 60.000
Boknatun			Diverse 100.000	Diverse 110.000
SUM	265.000	197.632	267.989	273.550

Beløpa i denne planen er seinare lagt inn i investeringsbeløpet på kr 718.000 i 2007 til "Kjekt på Bokn" – "Ta Bokn naturen i bruk". Etter at det blei gjort har det vore krevjande å halde godt oversyn over status for dei ulike prosjekta. Her er eit forsøk på å gje eit overblikk.

#### Skule/klubbhus/løpebane:

Prosjekt	Status hausten 2007	Merknad
Leikeplass/ søknad 1 Sandvolley 265.000	Klatrevegg barnsteget på plass. Klatrevegg ungd.st. ikkje på plass. Ballvegg barnsteget på plass. Rydde akebakke er utført. Bordtennis på plass. Skateområde gjort litt, ikkje alt. Hinderløype ikkje på plass. Sandvolleyballbane ikkje på plass.	Tilsegn 08.06.05 om kr 200.000 til søknad 1 (klatrevegg, ballvegg, hinderløype, akebakke, skating, og kr 47.000 til sandvolleyball.  Det heiter at pengar som ikkje er brukt i løpet av 2 år etter at stønad er innvilga, blir inndratt.
Søknad 2 Ballbinge	Ballbinge nord for klubbhuset ikkje utført.	Tilsegn 06.06.06 om kr 200.000 til ballbinge ved klubbhuset

99.632	Må gjennomførast innan 06.06.08 før tilsegn om tilskott går ut.	
Bord, benker, blomsterkasser 18.000	Ikkje utført	Dei borda med benker som står på skulen er finansiert over det vanlege skulebudsjettet.
Løpebanen 56.731	Ikkje utført Skal sendes ny søknad om rehabilitering.	Svar på søknad 23.06.05: "Friidrettsanlegget på Bokn stadion er et ordinært anlegg. Søknader til dette har lågaste godkjente kostnad på 150.000, med 1/3 støtte". Vi kan altså regne med 50.000 i støtte her. Aktuelle priser er sannsynligvis 400.000 for fast dekke og 200.000 for grus/spesialsanddekke.
Puttball 40.000 Tribune 50.000 Curling 13.550	Etter planen budsjettert for utføring i 2008	

(Dei 3 søknadene som blei sendt i januar 2005, har fylkesmannen behandla som 4 i sitt svar 08.06.05: 1 Klatrevegg, ballvegg, hinderløype, akebakke, skateområde, tilsegn 200.000. 2. Sandvolleyball, tilsegn 47.000. 3. Ballbinge ved klubbhuset, tilsegn 200.000. 4. Løpebanen, tilsegn avslått på grunn av feil søknadsgrunnlag.)

Når det gjeld Lavvo til barnehagen og levegg/leikeutstyr ligg det inne i beløpet det er bedt om til kapasitetsutviding i barnehagen.

Rådmannen tek opp vidareføring av "Nærmiljøprosjektet i Føresvik" i eigen sak.

Kjekt på Bokn, gruppa "Ta naturen i bruk" - turstiar.

Formannskapet har "gitt" arbeidsgruppa "Ta boknanaturen i bruk" 50.000 til turstiar. Dette tek rådmannen opp i eigen sak om prosjektet "Kjekt på Bokn".

### Teneste 3700 Bibliotek

Netto budsjett i 2007 var på 398.000 mens det for 2008 er budsjettert med 421.000. Det er budsjettert med 62% stilling som i 2007. Auken i netto budsjett skuldast auka lønsutgifter, ikkje aktivitetsauke. Det er ikkje kompensert for prisstigning, slik at nyinnkjøp vil bli redusert.

I skuletida har biblioteket ope måndag, tysdag og torsdag frå 0900 til 1130/1330. Dette er ikkje godt nok etter Opplæringslova §9-2 og Forskriftene til Opplæringslova §21-1 der det står:  
" Skulen skal ha skulebibliotek med mindre tilgangen til skulebibliotek er sikra gjennom samarbeid med andre bibliotek. Bibliotek som ikkje ligg i skulen sine lokale, skal vere tilgjengeleg for elevane i skuletida, slik at biblioteket kan brukast aktivt i opplæringa på skulen. Biblioteket skal vere særskilt tilrettelagt for skulen."

Tilbakemeldingane frå våre lærarar viser at ordninga med kombinasjonen folkebibliotek/skulebibliotek ikkje fungerer tilfredsstillande grunna den avgrensa opningstida. Biblioteket bør vere tilgjengeleg for elevar og lærarar tilnærma heile skuledagen, alle skuledagar.

Rådmannen ser at opningstida bør utvidast, slik at biblioteket er ope for skulen alle skuledagar. Ei utviding av opningstida for skulen med 10 veketimar på skuledagar vil gje eit tilfredsstillande opningstid for skulen, noko som utgjer 22,5% stilling. Kostnaden på budsjettet for 2008 vil bli kr

41.000 dersom ein utvidar frå 01.08.2008, men rådmannen har ikkje funne rom for dette nye tiltaket i sitt budsjettframlegg.

Rådmannen gjer merksam på at dersom ein skal utvide opningstida for det vanlege publikum, og ikkje bare for skulen, vil det krevje noko meir stillingsressurs.

#### **Teneste 3730 Kino**

Netto budsjett i 2007 var på 5.000 til vakthald. Det er budsjettert med det same for 2008, Rådmannen ser behovet for nye 5.000 til utviding med fleire kinokveldar, men har ikkje funne rom for denne utvidinga i sitt budsjettframlegg.

Rådmannen ser at det er ønskeleg med kr 85.000 til montering av breiare lerret i auditoriet, og oppgradering av lydanlegget til kinolyd, men har ikkje funne rom for dette i sitt budsjettframlegg.

#### **Teneste 3750 Museum**

Netto budsjett i 2007 var på 40.000 mens det for 2008 er budsjettert med 45.000.

Det er lagt inn i budsjettet driftsmiddel til alarmen som er montert, og forventa kostnad for deltaking i museumssamarbeidet på Haugalandet.

Det er uheldig at kommunen ikkje har ei fast ordning med guide når museet har besøk. Det har både med service overfor besøkande og tryggleik for samlinga å gjere. Det har hendt at besøkande er blitt utstyrt med nøkkel og alarmkode, og sendt aleine til museet. Rådmannen meiner ein vil kome langt med kr 10.000 til oppretting av ei ordning med guide, men har ikkje funne rom til dette innanfor budsjetttramma.

I budsjettet for 2007 skreiv rådmannen at bygdemuseet på Håland treng utvendig vedlikehald, men det blei ikkje gjort framlegg om eit bestemt beløp då det var usikkert om / kor mykje kledning som bør skiftast.

Det er ulike synspunkt på kor mykje som bør gjerast i lys av at det diskuterast ei framtidig flytting av museet. Rådmannen meiner det uansett bør gjerast eit minimum av utvendig vedlikehaldsarbeid slik at museet ser presentabelt ut.

#### **Teneste 3770 Kunstformidling**

Netto budsjett i 2007 var på 38.000, og det er budsjettert med det same for 2008. Beløpet omfattar Miro-ensemblet (tidlegare fylkesmusikarane) og tilskott til arrangement.

#### **Teneste 3830 Musikk og kulturskule**

Netto budsjett i 2007 var på 361.000 mens det for 2008 er budsjettert med 342.000. Kultursjefstillinga ligg her med 30% stilling. Samla stillingstal 0,6 årsverk som er ein liten reduksjon frå 2007. Aktiviteten har dei siste åra vore tilpassa etterspurnaden. Rådmannen har søkt å unngå at elevar som ønskjer instrumentopplæring må vente for lenge.

Det blir ikkje gjort framlegg om justering av betalingsssatsane.

#### **Teneste 3850 Andre kulturaktivitetar**

Netto budsjett i 2007 var på 344.000 (eks. Bygdabladet) mens det for 2008 er budsjettert med 351.000. Kultursjefstillinga ligg her med 30% stilling.

Det er budsjettert med kontingent til Friluftsrådet Vest (tidlegare Nord-Rogaland og Sunnhordland friluftsråd) med kr 9.000, og kursstønad og kulturmidlar for lag og organisasjonar med kr 150.000 som i 2007. Det er 30.000 meir enn i 2006. Auken i netto budsjett er lønsauke, ikkje aktivitetsauke.

#### Bygdabladet for Bokn.

Netto budsjett i 2007 var på 108.000 mens det for 2008 er budsjettert med 156.000.

Kultursjefstillinga ligg her med 40% stilling.


Diverse utgifter for bladet, 40.000 som tidlegare har vore ført på sentraladministrasjonen, er no ført over på Bygdabladet. Resten av auken i netto budsjett er lønsauke.

Det har i 2006 og 2007 vore gjort forsiktige forsøk på å kople arbeidet med bygdebladet til undervisninga i skulen, for på den måten gje elevar nyttig erfaring og kunnskap, og for å spare inn på utgiftene til bygdebladet. Dette har ikkje ført fram og desse planane er lagt til side i 2008.

Rådmannen har i sitt budsjettframlegg ikkje lagt inn auka rammer for å kompensere prisstigning eller utvide stoffomfanget. Det betyr at bladet kan måtte redusere sidetalet. Skal noverande sidetalet i papirutgåve oppretthaldast og kanskje aukast vil det krevje 10.000 til freelance-journalistar og minimum 31.000 til auka trykkeutgifter.

Abonnementprisen blei lagt på med kr 25 til kr 330 for eitt årsabonnement for 2007. Rådmannen gjer framlegg om at abonnementsprisen blir ståande uendra for 2008.

## Rammeområde 3 – Seksjon helse, sosial og barnevern



Diagrammet for brutto driftsutgifter viser korleis kostnadene til dei ulike tenestane har utvikla seg i forhold til rekneskapet for 2005 og budsjetta for 2006 og 2006. Som ein ser er endringane størst for tenestane sjukestove og funksjonshemma. Drifta er lagt om slik at sjukestova har fått auka bemanninga. Tenesten for funksjonshemma er som i 2007.

### Teneste 2310 Aktivitetstilbod barn og unge

Denne tenesta omfattar tilbod om sommarjobb for årsklassane 15, 16 og 17 år. Tilbodet blir gitt for maksimum 2 veker i kommunale og private jobbar. I det private området deler kommunen og arbeidsgjeveren utgiftene med 50% kvar. Tilbodet hadde i 2007 ei netto utgift på rundt kr. 96.900,- . I 2007 var det 22 ungdommar som søkte og fekk jobb. Av økonomiske årsaker var det berre dei i vg. skule som fekk 2 veker. Dei andre fekk 1 veke. Over halvparten var plasserte hos private arbeidsgjevarar.

Nokre ungdommar ordnar seg sjølv med sommarjobb, men for dei som ikkje har det, verkar det som at tilbodet er svært positivt. Både dei unge og foreldre har gitt uttrykk for dette. 1 veke er i minste laget, men økonomien set grenser. Fleire får sommarjobb seinare i bedrifta etter gode erfaringar.

I 2008 er det lagt inn brutto kr. 129.600 til sommarjobbar. Inntekta er berekna til kr. 47.100. . Dette betyr at me kan tilby sommarjobbar til dei unge på omtrent same nivå som i 2007.

**Teneste 2320 Førebuing – skule og helsestasjonstenesta**

Tenesta inneheld tradisjonell skule- og helsestasjonsteneste, med helseundersøking og vaksinasjon av barn og unge, rettleiing og helseopplysning for familiar med særlege behov, og deltaking i tverrfagleg gruppe.

Kommunen har avtale med fleire samarbeidskommunar om drift av helsestasjon for ungdom i Haugesund. Tilbodet er imidlertid mindre besøkt av ungdom frå vår kommune no enn ved oppstart.

Jordmorteneste og svangerskapskontroll inngår i denne tenesta. Det relativt nye tilbodet i Bokn har vore godt nytta av innbyggjarar i produktiv fase. I tillegg vil det bli meir vanleg at jordmor blir nytta til oppgåver for generell kvinnehelse og prevensjon, t.d. cytologisk prøvetaking og seksualrådgiving.

Jordmor og helsesøster har tett samarbeid, også når det gjeld rådgjeving i skulen.

Samarbeidsprosjekt med helsesøster og psykiatrisk sjukepleiar for psykisk helse blant barn og unge fortsett. Det er fleire tema å ta tak i etter den gjennomførte undersøkinga på ungdomstrinnet. Prosjektet med helseforebyggjande arbeid er og eit felt desse to funksjonane bør involverast i.

Kontoret til helsesøster er ferdig ombygd, og gir ei stor forbetring av plassforholda for foreldre og barn ved helsekontrollar.

**Teneste 2330 Førebyggjande arbeid**

Dette omfattar tenestene skjenkekontroll, førebyggjande rusmiddelvern og tilskot til interkommunale ordningar som krisesenteret.

Kommunestyret har vedtatt at skjenkekontrollane skal utførast av vaktfirmaet Securitas. Kontroll av ølsal og alkoholskjenking skal foregå minst 3 gonger årleg. Netto kostnad på tenesta er sett til kr. 61.500,- årleg. Då er løn til administrering av tenesta inkludert.

Tenesteområdet omfattar også miljøretta helsevern, bedriftshelseteneste og anna førebyggjande arbeid overfor heile befolkninga etter kommunehelselova, til dømes smittevern. Dette er eit område som er sterkt forsømt, og har vore det i mange år. Får vi kommunelege i heil stilling i kommunen, vil dette vere eit av satsingsområda som må prioriterast

Utgiftene til eit interkommunalt samarbeid på området miljøretta helsevern ligg i denne tenesta. Det burde imidlertid vore ein auka felles innsats på dette området i framtida.

30 % av løna til seksjonssjef er lagt til denne tenesta, fordi ein del av tidsbruken i denne stillinga er knytt til planarbeid, samordning og tilrettelegging av tenestene. Dette er arbeid som bør gi helseførebyggjande gevinst.

**Teneste 2340 Aktivisering eldre og funksjonshemma**

Denne tenesta omfattar bu og aktivitetstilbodet for dei yngre funksjonshemma i kommunen. I tillegg inngår drifta av dagsenteret for eldre, som er eit høgt verdsett tiltak.

Tidlegare hadde vi og litt sosialiseringstilbod for bebuarane i omsorgsbustadene, men dette gjekk tapt i innsparingsrundane. Vi ser at det er veldig negativt dette ikkje fungerer lenger. Det er behov for meir personale tilknytta omsorgsbustadene, fordi det for fleire av bebuarane blir eldre, sjukare og treng meir hjelp for å kunne fungera i eigen bustad. Det er imidlertid ikkje lagt inn noko ressurs til dette.

Leiar for bu og aktivitet har ansvar for oppfølging av individuelle planar og ansvarsgrupper for brukarane som har samansette tenester.

Vi har to funksjonshemma brukarar som får eit dagtilbod i kommunen, og ein brukar som har dagtilbod i Haugesund. Arealet til dagtilbodet i Bokn er tatt i bruk. Tilbodet om vaksenopplæring vert gitt i desse lokala.

Det er ei utfordring å organisere aktivitet, måltid og personleg stell for brukarane slik at det kan fungere i eit samspel med pleie og omsorg, som skal yta hjelp til denne avdelinga i situasjonar at ein treng å være to hjelparar. Det er minimumsbemanning i begge avdelingane, og spesielt i helgene er det lite ekstra som skal til for å "velte lasset".

Dagsenteret for eldre er eit av få førebyggjande tiltak vi driv. Det har god oppslutning, og får mange positive tilbakemeldingar frå brukarar og pårørande. Ut frå faglege vurderingar ser vi og positiv effekt.

Drifta av dagsenteret er i dei nye omsorgsbustadene, kor dei er midt i brukargruppa, og får fred og ro til å driva med sine aktivitetar.

Avlasting og støttekontakt er også ein del av denne tenesta. Ordninga omfattar mellom 10 og 15 personar, og fleire av desse er svært omsorgskrevande. Målsetjinga er at dei som sjølv ikkje maktar det, skal få hjelp til å bryta sosial isolasjon og få tilbod om aktivitetar. I tillegg treng pårørande avlasting.

Netto utgifter i 2008 er budsjettert til kr. ,-.  
.

### **Teneste 2410 Diagnose, behandling og rehabilitering**

Denne tenesta inneber utgifter til drift av legekontor, offentleg legearbeid, legevakt/legevaktsentral og fysioterapi.

Samarbeidsavtalen med Tysvær om lege i 60 % legestilling er avslutta. Vår kommune har fått tildelt ein heil legeheimel, og må rekna med kraftig auke i utgiftene. Fagleg sett har denne delen av drifta vore sterkt lidande i mange år, og treng innsats internt. I tillegg er det eit stort savn å ikkje ha lege i kommunen. Det er mange henvendingar frå befolkninga som ønskjer fastlegetilbod i Bokn. Etter lovverket må kommunen skaffa befolkninga eit legetilbod.

I budsjettet har vi 900.000,- til dette formålet.

Vi har fortsatt legevaktsavtale med Tysvær kommune, kor og Sveio deltar.

Drift og utstyr ved legekantoret er oppgradert, og fungerer no meir tidsmessig. Utviklinga går raskt på dette området, og det medfører at slike prosesser må pågå kontinuerleg.

Med ei meir stabil og hensiktsmessig drift på legekantoret vil nok også inntektene auka, men førebels har vi ikkje lagt inn noko vesentleg auke.

Kommunen må refundere statstilskotet til andre kommunar, dersom innbyggjarar i Bokn har fastlege utafor kommunen. I ein periode no må vi rekne med å refundere betrakteleg til andre, sjølv om vi har gjort avtale med ein lege om å ivareta boknapasientane midlertidig.

Fysioterapeuten har 60 % driftstilskot. Det inneber at han i gjennomsnitt er her 3 dagar i veka. Denne tenesta fungerer som før. Det er stor pågang frå befolkninga etter fysioterapi det meste av året.

Fysioterapeuten har eit stort engasjement i førebyggjande arbeid blant barn, og det er sett i gong eit samarbeidsprosjekt med helsesøster retta mot barnehage og dei yngste skuleklassane. Hovedtema er kosthald og fysisk aktivitet, og innber motiveringsarbeid for både foreldre og tilsette i barnehage og skule.

Rehabiliteringsarbeidet skal gi tilbud til personar med nedsett funksjonsevne, som har habiliterings- eller rehabiliteringspotensiale. Dette arbeidet i kommunen skjer gjennom mange av tenestene. Legen har sin del gjennom henvisningar og utredning. Det kommunale hjelpemiddellageret ligg ved sjukestova, og det er personalet her som bistår brukarane med søknader om hjelpemiddel frå hjelpemiddelsentralen. Vi manglar utredningskompetanse for ergoterapi og ADL-hjelpemidler, men har skolert tilsette for behov i forhold til hørsel, syn og bevegelse.

Bokn kommune deltar i eit interkommunal samarbeid om voldtektsmottak.

#### **Teneste 2420 Sosial rådgjeving og rettleiing.**

Tenesta omfattar kurativ sosial omsorg og sosial rådgjeving når det gjeld å fremja sosial og økonomisk tryggleik, betra levevilkåra for vanskelegstilte og førebyggja sosiale problem. Denne gruppa treng rådgjeving og praktisk rettleiing og bistand til å søkja om arbeid, trygd eller utdanning.

Dei seinare åra er det fleire som har fått økonomisk rådgjeving i samband med at dei har opparbeidd seg gjeld. Nokre av desse har fått offentleg gjeldsordning etter Gjeldsordningslova over fem år. Arbeidet med denne gruppa krev tid og økonomisk kunnskap.

Sosialtenesta skal elles visa til rett instans dersom kontoret sjølv ikkje har tilstrekkeleg kompetanse. Det er ikkje laga oversikt over kor mange personar som årleg får rådgjeving og rettleiing, men dei fleste som er innom kontoret får slik hjelp i kombinasjon med andre tenester. Netto utgifter for 2008 er sett til kr. 155.700,-.

#### **Teneste 2440 Barneverntenesta**

Tenesta inneheld rettleiing, undersøking og oppfølging av barn og familiar. Generelt førebyggjande arbeid ligg i stillinga, og ein del av stillinga blir brukt til dette. Barnevernleiar sin stillingsdel er sett til 30%.

Det har det siste året vore ein stor auke i oppgåver og utgifter til barneverntenesta. Auken gjeld ikkje antal saker, men at sakene har stilt betydeleg større krav til fagkunnskap og type hjelpetiltak. Ein har difor måtta nytta seg mykje meir av BAS sine tenester, i tillegg til tiltak frå Buf-etat (Barne- ungdoms- og familieetaten) i Haugesund. Ein har i tidlegare budsjettkommentarar påpeika at det kan oppstå situasjonar i barnevernet som krev akutt behov for tilleggløyingar.

#### **Teneste 2510 Barneverntiltak i familien**

Tenesta gjeld hjelp til barn og unge med særskilt behov for støtte. Det er vanskeleg å seia om det ev. skulle bli behov for nye tiltak neste år, då omfanget varierar. Generelt sett har det vore ein auke i saksmengda innafor barnevernet i Bokn, og tendensane er dei same som elles i sosial- og helsetenesta at det blir meir samansette saker som er tidkrevjande og komplekse å arbeida med.

#### **Teneste 2520 Barneverntiltak utafør familien**

Dette gjeld barn som har tiltak/omsorg utafør familien. Det er for tida ingen barn frå vår kommune der det har vore omsorgsovertaking, og midlane på budsjettet i denne tenesta vil på ingen måte strekka til om det skulle bli behov i denne tenesta.

#### **Teneste 2530 Pleie, omsorg og hjelp i institusjon**

Tenesta gir pleie og omsorg for menneske som treng dette heile døgnet, og er i praksis drifta av sjukestova. Kommunen kan no bygge opp skjerma eining for aldersdemente ved den eldste delen av sjukestova, slik at det blir eit bedre tilrettelagt tilbod og omgivelsar for denne pasientgruppa.

Kjøkkenet ved sjukestova lagar middag til heimebuande eldre 2 dagar i veka. Fordi vi ikkje har hatt transportordning ein periode, har det ikkje vore eit reelt tilbod til alle. Bebuarane i omsorgsbustadene får eit bedre tilbod om middagombringning, fordi det ikkje er avhengig av biltransport. Nokon av desse bebuarane får middag kvar dag.

Det er under oppstart ei ordning med "vennekjøring" i kommunen, og denne gruppa har sagt seg villig til og å ta middagsombringning.

Vi må ha ein gjennomgang av kjøkkenfunksjonen, kapasitet, standard, osv.

Kjøkkenet har fått ny løysing på oppvask – personalet treng ikkje lenger løfte korger med tungt steintøy frå knehøyde til oppå benk.

Sjukestova fungerer også som ein poliklinikk for befolkninga i Bokn, kor ein kan få hjelp til dei fleste helseproblem. Det gir ein utfordrande arbeidsdag for dei tilsette, samtidig som boknarane får ein god helse-service. Dette er ein viktig funksjon, kanskje spesielt no når legetilgangen er dårleg. Personalet er behjelpelige for at befolkninga skal få legehjelp når det er behov.

Teneste 2530 og 2540 utgjør pleie- og omsorgsavdelinga, og har eit personale på vel 20 tilsette som går i turnus. Det er tidlegare gjort ei miljøundersøking i regi av HMS-senteret i avdelinga, og eit samendrag av resultatet er presentert for personalet. Det har pågått eit arbeid kor personalet har diskutert tema som har innverknad på arbeidsmiljøet.

I tillegg skal resultatata av undersøkinga ligge til grunn for å arbeide vidare med utvikling for driftsområdet. Det har i haust vore ein ny gjennomgang i regi av HMS-senteret.

Bygningsmessig har vi ein del utfordringar som vi må ta tak i. I den eldste delen av bygget har vi problem med vassrør og kloakkrør. For sjukestova sin del er det vassrøra som ligg i taket langs korridoren som springe lekk. Det fører til bygningsmessige skader, men på sjukestova er det innstallert mange elektroniske system som kan ta skade, t.d. brannvarsling, sykesignalanlegg, osv. Det inneber og ein fare for fallskade hos pasientane, fordi lekkasjane i fleire tilfelle har kome om natta, når pasientane ikkje har fullt lys på.

Det burde vore utarbeidd ein plan for systematisk utskifting av rør.

### **Teneste 2540 Pleie, omsorg og hjelp i heimen**

Pleie og omsorgstenester for hjelpetrengjande menneske med sjukdom eller funksjonshemming som bur heime. Omfattar heimesjukepleie, psykiatrisk sjukepleie, heimehjelp, matombringning, tryggleiksalarmar, formidling av hjelpemidlar.

Brukarane har tilgang på heimesjukepleie alle dagar, heile døgnet.

Pågangen etter desse tenestene har stadig auka, og funksjonen har fleire tunge og krevjande brukarar.

Gjennom oppføring av dei nye omsorgsbustadene har kommunen lagt eit godt grunnlag for hensiktsmessig framtidig drift og samordning av tilbod for mange forskjellige brukargrupper. Kommunen har tidlegare, etter det vi kan vurdere, lukkast med å gi brukarane tryggleik for at dei får hjelp når behovet er der. Følgen av dette er at vi har godt samarbeid med potensielle pasientar og deira pårørande om vurdering av riktig omsorgsinnsats, og opplever ikkje at brukarane søker om tenester før behova er reelle. Sjølv om behovet for hjelp i denne tenesta kjem til å auka i åra som kjem, får vi tru vi har eit godt fundament på plass.

Behovet for psykiatrisk sjukepleieteneste har stadig auka dei siste åra. Det er eit tidkrevjande arbeid å følgje opp denne pasientgruppa, både ovafor den enkelte og i samarbeid med andre instansar internt og eksternt.

Det er no oppretta eit brukarråd for dette arbeidet i Bokn, og saman med dei har vi revidert og fått vedteke plan for psykisk helse. Vedtak om bruk av auka tilskot frå 2007 til 2008 ligg i denne planen.

Dette er ein funksjon som får øymerka statstilskot etter ein opptrappingsplan staten har lagt. Tilskotet i 2007 er på kr.634.000. Vi har førebels fått ei utrekning på at tilskotet for 2008 vert på kr. 735.000,-.

Tabellen under syner bruken av tilskotet over mange år

År	Tilskot	Auke i tilskot	Bruk av auka tilskot
1999	kr. 134.238,-		40 % st. psykiatrisk sjukepleiar
2000	kr. 160.743,-	kr.26.505,-	Kommunalt tilrettelagt arbeidstreningstiltak, kantinedrift
2001	kr 208.000,-	kr.47.257,-	Førebyggjande arbeid barn og unge- kultur og fritid: Kyrkjebygd aktivitetshus
2002	kr. 257.000,-	kr.49.000,-	Kompetanseheving omsorgspersonale
2003	kr.317.000,-	kr.60.000,-	Førebyggjande arbeid barn og unge : MOT-prosjektet
2004	kr 342.000,-	kr.25.000,-	20 % auke i st.andel for psykiatrisk sjukepleiar
2005	kr. 427.000,-	kr.85.000,-	20 % auke i st.andel for helsesøster halve året
2006	kr. 533.000,-	kr.106.000,-	Utg. til auke av st.andel for helsesøster
2007	kr. 634.000,-	kr.101.000,-	Styrking av arbeidstreningstiltak i kantina med kr. 12.200,-.
2008	kr. 735.000,-	kr.101.000,-	40 % auke i st.andel for psykiatrisk sjukepleiar
2009			50 % stilling som ungdomsarbeidar frå 01.08.07
2010			Finansiering av ungdomsarbeidarstillinga resten av året

Teneste 2540 omfattar og omsorgsløn for avlønning av personar som har ein god del pleie av pårørande som bur heime. Dette er kombinert med hjelp frå kommunen. Dette er i samsvar med vedtatt plan for tiltak for funksjonshemma.

#### Teneste 2610 Sjukestova – Butilbod i institusjon

Det er behov for ein kontinuerleg vedlikehaldsprosess av inventar og bygg ved sjukestova. Dette gjeld utstyr, møblar og pasientrom. Til oppussing av pasientrom har det årleg vore sett av kr.20.000,-.

I tillegg er det i langtidsbudsjettet sett opp ein sum på kr.50.000,- annakvart år til fornying av møblar. For 2007 vart det også sett av kr.50.000,- . Dette var for innkjøp av ekstra senger, som no er på plass.

#### Teneste 2650 Kommunalt disponerte bustader

Tenesta omfattar Husbanken sine støtteordningar med utbetringstilskot, etableringslån m.v. Frå 2003 vart ordninga med startlån innført. Det erstatta kjøps- og etableringslån, og er ei låneordning for husstandar med etableringsproblem. Det er kommunane som administrerar startlånet.

**Teneste 2810 Økonomisk sosialhjelp**

Tenesta omfattar bistand til personar med økonomiske problem. (bidrag og lån).

Det er vanskeleg å budsjettera økonomisk sosialhjelp, då det uventa kan koma nye søkjarar med rett på stønad. Dei siste åra har ein hatt nærare 10 personar som årleg har fått økonomisk sosialhjelp. Nokre over kort tid, andre lengre.

Søkjarar har ofte problemområde i tillegg til at dei kan vera utan arbeid. Det kan vera psykiatri/rusmisbruk, gjeldsproblematikk og andre ting. Det er såleis samansette og arbeidsintensive oppgåver som legg beslag på betydeleg meir tid enn det som var tilfelle tidlegare. Sosialkontoret må samarbeida med ei rekke andre partnarar som t.d. arbeidsmarknadsetat, trygdekontor, kommunale og fylkeskommunale tenester innan psykiatri og rusvern og helsevesen elles. Føremålet med arbeidet er alltid å få personane inn i inntektsgjevande arbeid, eventuelt varige trygdeordningar dersom dei ikkje er arbeidsdyktige. Økonomisk sosialhjelp skal vera ei midlertidig ordning. Difor må det også arbeidast aktivt med søkjarane for å finna andre varige løysingar. Siste år har det vore eit fast samarbeid med aetat og trygdekontor med fokus på å få fleire i arbeid.

Brutto utgifter 2008 er sett til 344.200,-.

**Teneste 2850 Ambulansetransport**

Området gjeld sjuketransport, med bakgrunn i avtale med Haugesund sjukehus. Tenesta vert utført med ambulanse stasjonert i Bokn, og bemanna med kommunalt tilsett sjåfør og sjukepleiar. Kommunen mottar eit indeksregulert tilskot frå Helse Fonna.


Talet på utrykningar pr.månad varierar ein del. Type utrykningar har og endra seg noko etter at Bokn vart landfast, og fekk ein sterkt trafikkert hovedvei gjennom kommunen. Ein del av oppdraga gjeld passasjerar med ferja.

Ambulansen har dei siste åra vore nytta i nabokommunen i større utstrekning enn før. Samarbeidet med sjukehuset er godt, og det er ikkje spesielle endringar i drifta.

## Rammeområde 6 – Seksjon teknisk

Seksjonen har 4 årsverk/stillinger samt 15 personar som er med i det frivillige brannkorpsset.

Figuren under viser kva områder som seksjonen har ansvaret for og kor stor andel av brutto utgiftene som vert brukt på dei ulike områdene



### Teneste 1900, 1902 Vaktmestertenester og Fellesutgifter Boknatun.

Tenesta gjelder vaktmester og andre fellesutgifter for alle seksjonane med unntak av skule og barnehage.

Arbeidsmål for tenesta:

- energiøkonomisering
- førebyggjande vedlikehald

Over fleire år har vi hatt lekkasjer på innvendige vatn- og avløpsledningar på Boknatun. Lekkasjane har blitt utbedra etter kvart, men mykje tyder på at desse ledningane vert tært opp innanfrå. Kor omfattande problemet er har vi ikkje oversikt over for det er umuleg å kartlegge dei svake punkta. Lekkasjane må løysast etter kvart som dei oppstår utan at det fører til driftsstans ved sjukestova eller resten av bygget. Ein vil vurdere om det er mogeleg å sikre ledningene i spesielle rom, f.eks arkiv.

I 2006 vart det gjennomført "ENØK" analyse for Boknatun. Her vart det vist til ulike tiltak som vil føre til redusert energiforbruk. Kostnaden for desse tiltaka er anslått til ca. 260.000,- . Rådmannen har ikkje lagt dette inn som nytt tiltak i budsjettforslaget, men ein vil utarbeida ei sak kor ein går gjennom analyserapporten og forslaga til tiltak og evt. forslag til driftstiltak eller investeringar.

Slettet: ¶  
SFO i Bokn har høgare netto utgifter enn SFO i nabokommunane, men skilnaden er ikkje så stor som tala i tabellen viser. Me har til dømes tatt med utgiftene til alle ekstra tiltak for funksjonshemma elevar, mens det kan sjå ut til at dei andre kommunane gjer dette annleis. ¶

¶ Teneste 2020 Grunnskulen ¶  
¶ Frå 1. august 2003 har Bokn 115 elevar i grunnskulen mot 114 på same tid året før. Elevtalet er med andre ord omtrent uendra, men talet på elevar som treng tunge ekstra støttetiltak har auka. ¶ Stillingsramma til skuleseksjonen var 01.08.01 på 17,7 årsverk og 01.08.02 på 17,4 årsverk. I budsjettet for 2003 var det lagt inn ytterlegare reduksjon i stillingstalet frå 01.08.03, med atterhald om at utgifter/innsparingar våren 2003 ville vere heilt avgjerande for kor stor reduksjonen ville bli. ¶

¶ ----- Sideskift ----- ¶

Frå 01.08.03 blei pedagogstillingane redusert med 1,4 årsverk, ein reduksjon som blei mindre enn opphavleg planlagt. Arbeidet med stillingsreduksjonen var komplisert og vanskeleg å gjennomføre. Det skuldast dels at fleire i personalet måtte påleggast vel tunge arbeidsoppgåver, og dels at det under planleggingsarbeidet var press utanfrå frå grupper som reagerte på konsekvensane av stillingsreduksjonen. ¶

¶ Stillingsramma til elevassistentar i skulen og i SFO blei utvida med 0,9 årsverk. Dette skuldast det auka behovet for ekstra hjelp til funksjonshemma elevar. ¶ Samla er stillingsramma no 16,9 årsverk, ein reduksjon på 0,5 årsverk. Hard økonomistyring på andre utgifter/inntekter gjer at stillingstalet hausten 2003 ligg innanfor det budsjettet for 2003 skal tole. ¶

¶ For å halde den budsjettamma som er sett for 2004, er det lagt inn reduksjon i stillingstalet frå 01.08.04 med nye 1,5 årsverk, derav 0,5 i SFO, til ei sa [2]

Boknatun har behov for maling, antatt kostnad ca. 60.000. Kostnaden kan dekkast av budsjetterte midler for 2007 som vert sett av til fond.

Uterom manglar parkmessig opparbeiding/beplantning og informasjonsskiltinga kan bli bedre. Dette er tiltak som er med i planen for "nærområdeanlegg Føresvik". Finansiering av denne planen vert lagt fram som eiga sak.

#### **Teneste 2220 Bokn skolebygg**

Tenesta omfattar ansvar for energi og inneklima samt vedlikehald av bygning.

Arbeidsmål for tenesta:

- energiøkonomisering
- førebyggjande vedlikehald

Ressursane til vedlikehald er ikkje endra, men er inntil vidare er det nok til å utføra dei ordinære driftsoppgåvene.

Gjennom serviceavtalar har vi sikra vedlikehald av dei viktige tekniske anlegga; heis, ventilasjon og brannalarmanlegg. Prosjektet med utskifting av PCB halding lysstoffarmatur er snart fullført.

I forhold til kommunen sitt "klimarekneskap" er oljefyringsanlegget på skulen ei forureiningskjelde. Kommunen bør få gjennomført ei fagleg vurderinga av utslepp og alternativ energikjelde for oppvarming av skulen.

I vedtatt budsjett 2007 og økonomiplan for 2008-2010 er det foreslått å gjennomføre ei "ENØK" analyse for skule- og barnehagebygg i 2008. Kostnaden var anslått til kr. 36.000,-. Dette tiltaket er ikkje tatt inn i budsjettforslaget for 2008 fordi ein vil sjå det i samanheng med klimaplan/-rekneskap og alternative energikjelder. Dette tiltaket er ikkje prioritert i 2008.

Skifte av taktekking og fyrkjele kan bli dei neste store vedlikehaldsoppgåvene, men anlegga er ennå i god stand.

#### **Teneste 2311 Kyrkjebygd aktivitetshus**

Tenesta omfattar ansvar for energi og vedlikehald av det gamle skulebygget på Bokneberg.

Bygget er i bruk til fritidsaktivitetar. Det er ingen plan om energisparingstiltak for bygget, men ein vil ansvarleggjera brukarane når det gjeld bruk av varme og lys i bygget.

Utvendig vedlikehald vart budsjettert i 2006 med kr. 100.000,- og er utført på 2 fasader. Dei resterande midlene (37.000) står på fond og ein planlegg å gjennomføre resten av vedlikehaldet i 2008.

Gårdsplassen rundt aktivitetshuset vert brukt både til leikeplass for barn på Bokneberg og parkering for kyrkja. Uterommet treng opprustning, asfaltering av plassen, fjerning av store grantrær ol. I budsjettet for 2007 vart det avsett 150.000 til dette arbeidet omkring bygget og området rundt. Det er i 2007 utført mindre asfalteringsarbeid i området, og resten av løyvinga vil overførast til fond slik at ein kan gjera arbeidet ferdig i 2008.

**Teneste 2650 Kommunalt disponerte bustader**

Tenesta omfattar utleige og vedlikehald av kommunale bustader.

Arbeidsmål for tenesta:

- førebyggjande og verdibevarande vedlikehalds- og rehabiliteringsansvar for bygga
- Sikring mot brann.

I dei siste åra har kommunen solgt ein del bustader, og kommunen har nå 21 leiligheter. 15 omsorgsbustader, 4 ungdomsbustader og ein ordinær bustad med 2 leiligheter. Den ordinære bustaden vert fråflytta i 2008 og må pussast opp før den kan leigast ut på ny. Budsjettert kostnad er kr. 80.000,- som vart vedtatt i økonomiplanen for 2008. Beløpet er difor lagt inn i driftsbudsjettet for 2008, prisjustert til kr. 90.000,-.

Ungdoms- og omsorgsbustadene har behov for maling, kostnad 50.000,-

Husleiga vert justert i samsvar med konsumpris indeks.

I budsjettet for teknisk i 2007 vart det sett av 100.000,- til vedlikehald av kommunale bygg. Denne løyvinga er ikkje brukt i 07 og vert sett av til disposisjonsfond slik at ein kan ta vedlikehald i eit seinare år. Løyvinga vil dekke kostnaden til maling av bygg (bustader og Boknatun) I økonomiplanen for drift er det i åra framover lagt inn 100.000 anna kvart år til å gjennomføre større vedlikehaldsoppgåver, (dvs i 2009 og 2011).

**Teneste 3000 - 3030 Fysisk tilrettelegging og planlegging. Byggesaksbehandling og oppmåling.**

Arbeidsmål for tenesta:

- utarbeide planer for offentleg behov og kommunen sin eigen aktivitet.
- Revisjon av kommuneplan
- arbeide med vedtatte planoppgåver etter kommuneplanen.
- Halde fristar for byggesaksbehandling og saksbehandle korrekt ihht lover og forskrifter,
- rask gjennomføring av kart og delingsforetninger og et ajourført kartverk.

Seksjonen skal forvalte lover og forskrifter i forhold til enkeltsaker og vedtatte planar. Sidan lover og forskrifter er i stadig endring og fagmiljøet er lite, må vi i tillegg til fagleg oppdatering også ha eit tett samarbeid med andre kommuner for å kunne yte god service til kundar/innbyggjarar.

På grunn av permisjon / redusert arbeidstid for ein saksbehandlar, vert det fortsatt redusert kapasiteten i 2008 dersom kommunen ikkje klarer å omprioritere oppgåver og/eller kjøpe tenester frå ein annan kommune eller konsulent.

Arbeidet med revisjon av kommuneplanen bør starta opp. Kommuneplanen sine målsettingar omfattar gjennomføring av mange planoppgåver. For å oppnå god framdrift i prosjekta er det viktig å sørge for god kompetanse og tilstrekkelig ressurser. I enkelte av desse planane bør kommunen bruke konsulent i tillegg til egne ressurser. I budsjettet er det ikkje lagt inn dekning for slike utgifter og dette må ein vurdere og budsjettera i kvar enkel sak.

Bokn kommune har i mange år kjøpt oppmålingstenester frå Tysvær kommune. Denne tenesta har tidlegare hatt ein kostnad på kr 140.000,-/år. Tysvær har sagt opp avtalen pga. ressursmangel. Det er utarbeidd ein ny avtale kor vi deler utgiftene til ein ny ingeniørstilling + kr. 50.000 i faste utgifter (dataprogr., driftsutstyr etc). Total kostnad pr. år er stipulert til 300.000,-. Forutsetningane med avtalen er at vi i tillegg til oppmåling også skal få utført tenester som er

knytta til nytt eigedomsregister, ledningskartverk, oppteigning og ajourføring av planar og bistand til arbeid med GIS verktøy.

Rådmannen tilrår at vi går inn i dette samarbeidet og har lagt inn utgiftsauken på 160.000 i forslag til driftsbudsjett.

Gebyra for kart og oppmålingstenester skal finansiera dei utgiftene kommunen har til slike oppgåver, dvs. sjølvkost. Sidan det er Tysvær som ufører kart og oppmålingsforretningane vert kostnaden Tysvær sin gebyrsats + våre eigne administrasjonskostnader som omfattar saksbehandling, oversendelse, registrering i eigedomsbase, tinglysning og fakturering. Administrasjonen i Tysvær har gitt melding om at det ikkje vert lagt fram forslag om auke i desse gebyra for 2008. Ut frå berekingar bør vi auke gebyra med 5% for å dekke eigne kostnader. Rådmannen foreslår difor at vårt gebyr for kart og oppmåling fylgjer dei satsane som til ei kvar tid gjeld for Tysvær med 5% tillegg.

Gebyra for saksbehandling har ikkje vore justert sidan dei vart vedtatt i 2004. Kommunen har ikkje saksbehandlingsgebyr for bustadhus, og er kanskje den einaste kommunen i Rogaland som ikkje har dette gebyret. Gjennomsnittsgebyr for "småkommunar" i Rogaland er iflg., Kostra kr. 3.032,-. Også dette gebyret skal vera basert på sjølvkost, og etter kartlegging av ressursbruk til denne type saker foreslår vi at gebyret vert sett til kr. 3.000,-.

Forskrifta om sjølvkost gjeld også gebyr for private regulerings-/bebyggelsesplanar. Sidan det ikkje er ofte ein har slike saker har vi ikkje klart å berekne ressursbruken i slike saker.

For alle andre saksbehandlingsgebyr er det gjennomført ei kartlegging av ressursbruken for å finna sjølvkost nivået og nye satsar er lagt inn i forslag til gebyrregulativet for 2008.

Statens kartverk vil starte opp med ny kartlegging og flyfotografering av Bokn i 2008. Formålet er å oppdatere digitale kart. Bokn kommune sin andel av utgiftene er 30% og utgjer ca. 150.000,-. Kostnadene kan fordelast over fleire år ved behov. Rådmannen har i sitt forslag til budsjett lagt inn kostnaden som nytt tiltak i budsjettet for 2008.

### **Teneste 3150 Bustadbygging og fysiske bumiljøtiltak**

Tenesta omfattar utbyggingsområder, tomtosal og kostnader knytta til bustadformål og fysiske bumiljøtiltak.

Pr. oktober 07 er det 8 ledige kommunale tomter på Øyrenfeltet og på feltet i Føresvik. Vi er kjent med at private utbyggerar planlegg 2 felt i Alvestadkroken. Vi antar at volumet vert omlag 15-20 leiligheter. I tillegg er det også andre private som har tomter for sal.

Sidan kommunen har liten kontroll over private utbyggingar, har vi i investeringsbudsjetter for 2007 lagt inn kjøp av nytt bustadfelt ved Fyrvegen ihht tidlegare vedtatt økonomiplan. Kommunen er nå i forhandlingar om kjøp av bustadfeltet. I investeringsbudsjettet er det også lagt inn kr. 250.000,- til kjøp av tilleggsareal til byggefeltet i Føresvik.

### **Teneste 3200 Kommunal næringsvirksomhet**

Tenesta omfattar drift av kommunale jordbruksareal og skog. Kommunen eig nokre små skog- og jordbruksparseller, men det er ingen næringsdrift. Vi har ikkje konkrete arbeidsmål i forhold til næring.

### **Teneste 3250 Tilrettelegging og bistand til næringslivet**

Tenesta skal omfatte utbyggingsområder for næringsverksemd, og utleigelokale for næringsverksemd.

Det er for tida ingen konkrete arbeidsmål for denne tenesta, men i prosjektet "Kjekt på Bokn" vert det arbeidd med strategiar og tiltak for at Bokn skal vera attraktiv for næringsdrift.

### **Teneste 3300 Samferdselsbedrifter og transporttiltak**

I Bokn har vi berre kaier som kjem under tenesta.

Arbeidsmål for kaier:

- Sikre gamle kaier og brygger som er kommunen sitt ansvar.
- Avklare drifts-og eigarforhold.
- Sikre inntekt frå kommunale kaier.

Karmsund interkommunale havnevesen har driftsansvaret for kaien i Føresvik og krever inn havneavgift. Kommunen har driftsansvar for den gamle ferjekaien på Tåganæs, kai i fiskerihavnen i Knarholmen og kai på Hognaland. Innafor moloane i Føresvik og Alvestadkroken finnes mindre kaier/arealer som er offentlege, men det er uklart kva rettar kommunen har.

Kommunen har ikkje inntekt frå sine kaier.

I budsjettet for 2007 vart det sett av kr. 30.000,- til innmåling av veggrunn/kaier. Arbeidet med å avklare eigarforhold pågår.

### **Teneste 3330 - 3340 Kommunale vegar / miljø- og trafikksikringstiltak**

Arbeidsmål for kommunale vegar:

- Revidere handlingsplanen for tiltak på kommunale vegar
- Utføre tenesta i samsvar med vedatt serviceerklæring
- Utarbeide plan for trafikksikring og søkje om TS midler.
- Gjennomføre vedtatte tiltak om utbedring av vegkryss

Kommunen vedtok ein handlingsplan for vedlikehald av kommunale vegar i 2006. I planen låg forslag om kr. 370.000 til vedlikehald i 2007 og kr. 330.000 i 2008. Ved budsjettbehandlinga i 2007 vart det i økonomiplanen vedtatt å bruke kr. 200.000 kvart anna år, fom. 2008, til ekstra vegvedlikehald, i tillegg til den årlege ramma på 100.000,-. Ved disponering av driftsresultatet for 2006 vart det i tillegg løyvt kr. 300.000 til vegvedlikehald.

Handlingsplanen for vedlikehald av kommunale vegar skal reviderast, og ein vil også sjå denne planen i samanheng med plan for trafikksikring. Begge desse planane vil bli lagt fram til politisk behandling.

Rådmannen har i sitt budsjettframlegg fulgt tidlegare vedtatt økonomiplan og har sett av kr. 200.000 til ekstra vegvedlikehald i 2008 og deretter anna kvart år i perioden. De ordinære budsjettet til vegvedlikehald er i budsjettet kr.100.000, -

Kommunen kjøper tenestene snøbrøyting, kantklipp og vegskraping. Kommunen sin serviceerklæring blir lagt til grunn for korleis tenestene skal utførast.

Det var eit mål å revidere planen for trafikksikring i 2007, men av ulike årsaker måtte dette arbeidet utsetjast. Planen vil prioriterast i 2008.

Det er utarbeidd ein plan for ombygging av avkjørsel til Jøsenvågen. Investeringa er kalkulert til ca 200.000,- og ein har sidan 2006 sett av kr.50.000 årleg til fond. Dersom denne

finansieringsplanen skal fylgjast vil finansieringa av prosjektet pågå i ytterlegare 2 år. Rådmannen har ikkje lagt inn endringar i økonomiplanen, men ein bør vurdere om ombygginga skal starta opp tidlegare, og evt. setja av eit større beløp i investeringsbudsjettet. I tillegg til prosjektkostnaden på kr. 200.000 kan det vera behov for konsulentbistand for prosjekteringa.

### **Teneste 3350 Rekreasjon i tettsted**

Tenesta omfattar drift og vedlikehald av offentlige plasser og torg, parker, lekeplasser, grøntanlegg samt turvegar i bebygde strøk. Ansvaret for planlegging og budsjettering av leikeplasser og turvegar er lagt til kultur, men teknisk utfører arbeidsoppgåvene.

Arbeidsmål for tenesten:

- Lage driftsplan for kommunen sine grøntanlegg, leikeplasser og turstier i samarbeid med kultur.
- Vurdere private avtaler for oppgåver kommunen ikke kan løse med egne ressurser.

Vedlikehald av grøntanlegg, leikeplasser og idrettsanlegg har vore ei aukande oppgåve i dei siste åra. Anlegga rundt bygg, i bustadfelt, leikeplassar og andre fellesarealer krev stell og ein treng ressursar og fagkunnskap. Vi disponerer små maskinressursar og anleggsgartnerkunnskapene er ikkje gode nok.

På same måte som vegnettet er med på å presentera kommunen vil også stell og standard på plasser og grøne lunger fortelja besøkande noko om haldningar og verdisyn. Som eit ledd i arbeidet med å presentera kommunen og gjera det trivleg i kvardagen for folk flest, bør arbeidet prioriterast, og dette er også noko som det vert arbeidd med i prosjektet "kjekt på Bokn".

I forhold til ordinær drift er det lagt inn ferievikarar til parkmessig vedlikehald. Tiltak på leikeplassene vil gjennomførast i samsvar med plan og budsjett som vert utarbeidd av kultur i samarbeid med teknisk. I sammenheng med utvikling av nærmiljøanlegg og andre tiltak som det vert arbeidd med i prosjektet "Kjekt på Bokn", bør ein ha tankar om årleg vedlikehald til beplantning og liknande. Samarbeid og/eller avtalar med private/organisasjonar bør vurderast.

1000-års-plassen og nærmiljøanlegget ved Boknasundet er ikkje ferdig og har difor begrensa bruk. Plan for det vidare arbeidet samt turstiar er også ein del av prosjektet "Kjekt på Bokn"

### **Teneste 3380 Forebygging av brann og ulykker**

Tjenesta omfattar feiarvesen og andre tiltak som skal forebygge brann eller eksplosjonsartede ulykker.

Arbeidsmål for tenesta:

- Alle særskilte brannsynobjekter skal ha tilsyn i samsvar med gjeldande krav.
- Det skal utarbeidast handlingsplan for brannverntiltak.

Bokn kommune er eigar av 3 bygg kor det skal vera brannsyn kvart år (skule, barnehage og sjukestova). Tilsynet er i alle år blitt utført av brannsjefen. For å kvalitetsikre tilsynet med desse bygga og omsorgsbustadene kan det vera teneleg at kontrollen vert utført av eksterne personar som ikkje har "eigarskap" til bygga. Kjøp av denne tenesta vil koste om lag 20.000 årleg, men det er ikkje tatt inn i budsjettforslaget for 2008.

Etter pålegg frå Direktoratet for sikkerhet og beredskap har kommunen inngått avtale med Tysvær om stedfortredar for brannsjef. Avtalen gjeld og førebyggjande arbeid. Kostnaden er ca. kr.5000, -/ år for deltaking i øvingar mv.

Avtalen med Tysvær om feiesamarbeid held fram, og sidan vi også her har eit sjølvkostområde foreslår vi at avgifta aukar i samsvar med Tysvær sitt gebyr + 5% i administrasjonskostnader for Bokn kommune.

### **Teneste 3390 Beredskap mot branner og andre ulykker**

Tenesta omfattar brannvesen, oljevernberedskap, og anna beredskap mot brann- og eksplosjonsrelaterte ulykker.

Arbeidsmål for tenesta:

- Å arbeide for at brannvesenet er forberedt på å mestre de hendingane som kan skje i kommunen.
- Arbeide for at Bokn skal inngå i interkommunalt brannvesen.

Krav om betre kompetanse til alle som deltar i frivillige brannvesen vil føre til at det blir vanskelegare å få tak i kompetent personell og kostnadene til opplæring vil auke. (røykdykker, sjåfør og grunnopplæring) Sjølv om grunnopplæringa skal foregå lokalt er utgiftene berekna til ca kr. 30.000,- pr deltaker. For Bokn gjelder det 17 personer og en kostnad på ca. kr.500.000,-

Grunnopplæring er inntil vidare ikkje vedtatt for deltidsmannskaper, men mange kommuner har allerede gjennomført opplæring for mannskapa sine. Sidan kommunen har eit høgt risikobilde bør vi starte opp med utdanninga så snart som mogeleg. I budsjettet er det lagt inn kr. 30.000,- pr. år over en 4 års periode til grunnopplæring. (07-10).

For å sikre at kommunen har eit brann- og redningsvesen som kan ivareta oppgåvene i framtida bør vi arbeide for eit interkommunalt brannvesen. Drøftingar pågår om interkommunale løysingar for Haugalandet, men mykje tyder på at der er langt fram til ei løysing. Bokn har tatt initiativ om eit formelt samarbeid med Tysvær brannvesen, men Tysvær har for tida ikkje kapasitet og ressurser til å arbeide med dette prosjektet nå. Rådmannen foreslår at Bokn arbeider vidare med å finne interkommunal løysing på denne tenesta.

Frivillige brannmenn i Bokn har ei årleg godtgjersle på kr. 9.000,- + timebetaling ved utrykning og øvelsar. (ca 115 kr/t ). Den faste godtgjersla har vore uenda i mange år og er lågare enn i nabokommunane. Betalinga bør vera på same nivå og rådmannen har i budsjettet lagt inn at denne vert auka frå kr. 9.000 til kr.13.000,-.fom 1.1.08. Auken i kostnad er kr. 68.000,-

### **Teneste 3400 Produksjon av vatn**

Tenesta omfattar vanninntak, filtrering og rensing.

Arbeidsmål for tenesta:

- Syte for at kapasiteten på råvatn er stor nok.

I 2007 vart det utført ROS-analyse (risiko og sårbarhetsanalyse) og hydrauliske berekningar for Kyrkjebyggd vannverk. Berekningane viser blant anna at reguleringsgrensa for råvatnet er nådd. Dette betyr at vasskjelda har vore tappa ned til minimalt nivå i forhold til klasuleringsbestemmelsane. Kommunen må difor starte opp et arbeid for å få tillatelse til å auka uttaket ved oppdemming eller ei lågare grense for nedtapping. Rådmannen har i budsjettforslaget lagt inn ein kostnad på kr. 50.000 til fagleg vurdering som må vera grunnlaget for forhandlingar med grunneigarane.

ROS-analysen har avdekket at vannforsyninga er sårbar i forhold til straumbrot. Eit aggregat for nødstraum vil koste kr. 20.000,- men dette tiltaket er ikkje tatt inn i budsjettet for 2008.

### Teneste 3450 Distribusjon av vatn

Tenesta omfattar pumpestasjoner, trykkbasseng, leidningsnett samt gebyr for vannforsyning.

Arbeidsmål for tenesta:

- Kvalitetskontroll.
- Handlingsplan for framtidig utviding av vannverket.
- Handlingsplan for utviding av kapasitet.

Det meste av bebyggelsen på Bokn har nå vannforsyning fra offentlig eller private fellesvannverk. Unntaket er Lodenområdet, Straumen, Dagsland, Økland, Gunnarstad og Ognøy. For Jøsenområdet er det etablert privat vannverk med Jøsenvatn som kilde. Eigedommane på Grønneestad har privat vannverk kor Hagavatn er kjelde.

ROS-analyse og berekningar viser at det kommunale vannverket har nådd kapasitetsgrensa i forhold til å sikre nok vatn til alle abonnentane ved maksimaltapping, og det kan oppstå situasjonar der det ikkje er reservevatn til slukking av brann. Driftsmessig er det problem med vannbehandlingsanlegget på grunn av større vannmengder som skal ledes gjennom systemet.

Den hydrauliske rapporten konkluderer med at vannverket bør bli sikra med eit nytt høgdebassen og nytt behandlingsanlegg. Vannforsyninga til Austre Bokn er svak på grunn av sjøledningen fordi denne er meir utsett for brudd enn vanlege ledningar i grøft. Rapporten gir fagleg råd om at det bør leggjast reserveledning over Boknasundet. Investeringskostnadene er anslått til ca 6.mill. Tiltaket er ikkje tatt inn i investeringsbudsjettet.

Grunneigarar på Ognøy har kontakta kommunen med ynskje om å knytta seg til det kommunale vannverket. Tiltaket vil krevje ei større investering og prosjektet må vurderast før ein evt. kan budsjettere midler til anlegget.

Det er over 30 år siden den første delen av vannledningsnettet vart bygd ut. Mange ventiler har rust, og kummene har ikkje den kvaliteten som vert krevd i dag. I budsjettet for 2007 vart det vedtatt å starte opp med eit rehabiliteringsprogram med kr. 50.000 pr. år for å skifte ut eit par kummar kvart år. Kostnaden er vidareført i budsjettet for 2008-11.

Gebyra for vatn skal fastsetjast etter forskrift om sjølvkost. Både tilknytningsgebyr og årleg avgift skal dekkja kommunen sine årlege driftsutgifter samt avskrivning og renteutgifter på investeringane. Sidan kommunen har hatt store investeringar, og utgiftene skal fordelast på relativt få innbyggjarar betyr dette at gebyra er om lag 1.000,- kr. lågare enn berekna sjølvkost. Samanliknar vi gebyra for vatn med snittet for Rogaland ligg vi høgt, og ein vil difor ikkje rå til at den årlege avgifta vert auka til sjølvkost, men at den vert auka med 5%.

Tilknytningsgebyret for vatn er høgt, ca 40% høgare enn snittet for Rogaland. I forskrift for kommunale gebyr er det anbefalt at tilknytningsgebyret bør vera lågt og at inntektene primært skal vera basert på den jevne inntekta frå den årlege avgifta. Rådmannen tilrår likevel at vi har same gebyr som tidlegare. I budsjettet har vi lagt inn inntekt frå 6 tilknytningar dvs. kr. 120.000.

Det vart i 2007 sett av 50.000 for tilskot til private vannverk. Denne løyvinga er ikkje brukt og vert difor sett på fond. Det er ikkje sett av nye midler i budsjettet for 2008.

### Teneste 3500 Avløpsrensing/Slam

Tjensta gjeld renseanlegg og utløp, samt håndtering av restprodukt (slam og vatn).

Kommunen har driftsansvar for 5 større slamavskillere. Slamtømming blir utført av privat firma. Avvatna slam blir lagt i deponi på Toraneset.

Det årlege gebyret skal dekkja dei faktiske utgiftene kommunen har. Gebyret vart sett ned i 2006, men rekneskapstala viser at vi må justere opp gebyret med 5% fordi det private firmaet har auka prisen på tenesta.

Slambehandlingsanlegget i Føresvik har vesentleg større belastning enn det er dimensjonert for, og nye bustader vert etter kvart knytta til. Det er behov for å få ei fagleg vurdering av anlegget.

### **Teneste 3530 Avløpsnett / innsamling av avløpsvatn**

Tenesta omfattar pumpestasjoner og ledningsnett.

Arbeidsmål for tenesta:

- Sørge for gjennomføring av avløpsplanen i Alvestadkroken når det gjelder private stikkledningar.
- Sørge for tilkopling av alle private stikkledningar som kan knyttes til off.kloakkledning.

Kommunen drifter 3 pumpestasjoner.

Med få unntak er alle eigedomane i områdea Føresvik og Alvestad kopla til off.avløpsledning. Hovedkloakken for Alvestadkroken er ferdig, men stikkledningar og gjennomføringen av alle påkoplingene er ikkje ferdig.

Årsavgifta for kloakk skal også utreknast etter sjølvkost (lik vannavgifta). Berekningar viser at vi har større kostnader enn det vi tar inn i inntekter ved tilknytning og årsgebyr. For å dekke dei utgiftene skulle avgifta blitt auka med ca. kr. 600,-, men rådmannen foreslår at avgifta vert auka med 5%. Tilknytningsavgifta er også her høgare enn dei kommunane vi har samanlikna oss med, men i budsjettet foreslår vi at avgifta vert uendra.

### **Teneste 3550 Innsamling av avfall**

Tenesta omfattar oppsamlingsordningar, innsamling og innhenting av avfall, samt avfallsgebyr.

Toranaset Miljøverk IKS har ansvaret for innsamling av avfall. I prinsippet er det selskapet som indirekte fastsetter årsavgifta gjennom sine berekningar av kostnadsfordelingen mellom kommunene. Bokn sin andel til Toranaset for 2008 er sett til kr.691.000, -

Innsamling av avfall er også eit sjølvkostområde, og det er i tillegg et krav om at alle utgiftene som gjeld denne tenesten skal dekkast av abonnentane. For at inntektene våre skal dekkja utgiftene må avgifta aukast med 4%.

### **Teneste 3600 Naturforvaltning og friluftsliv**

Arbeidsmål for 2008:

- Ny gjennomgang av miljø- og naturressurprogrammet
- Fylgja opp måla i kystsoneplanen.
- Arbeide med grunneigaravtaler for tilrettelegging av turstier
- Lage plan for tiltak for å sikre tilgang til friluftsområder.
- Lage miljømål for vassdrag
- Være pådrivar i arbeidet med å lage plan for fiske og jakt.

Tenesta omfattar koordinering av miljøvernarbeidet i kommunen, utarbeiding av miljø- og naturressursprogram, sikring og forvaltning av friluftsliv- og utmarksområder samt sikre tilgjenge for allmennheten (badeplasser, rasteplasser, småbåthavner, fortøynings- og bryggeplasser), samt fisk- og villtforvaltning.


Strandsona og sjøen er viktige friluftsområder for både innbyggjarar og turistar. Planar og tiltak for bruk og forvaltning av desse ressursane er viktige for Bokn si framtid. Natur-og miljøressursprogram vart vedtatt i 1995, men det manglar handlingsplan for gjennomføring.

I kommuneplanen er det fastsett traseer for turstiar og markert viktige lokale friluftsområder, men det er ikke gjennomført tiltak for å sikre betre tilgang. Heller ikke nye friluftsområder er sikra gjennom samarbeid med friluftsrådet.

Fisk og viltforvaltning har små ressurser. Teknisk sjef er sekretær for den kommunale nemnda, men fagkunnskap manglar på dei fleste områdene. Arbeidet er begrensa til forvaltning av hjortevilt. Kommunen bør bidra med hjelp til utarbeiding av driftsplaner både i forhold til jakt og fiske. Til dette arbeidet trengs fagleg bistand men rådmannen har ikkje lagt inn løyving til dette tiltaket i 2008..

Rådmannen tilrår at tiltak som ligg under denne tenesta vert drøfta i prosjektet "Kjekt i Bokn" og at tiltak blir tatt inn i budsjettet for det prosjektet.

## Rammeområde 2 – Seksjon skule



## Serviceerklæringar

Det er laga serviceerklæringar for


grunnskulen  
 vaksenopplæringa  
 skulefritidsordninga

Det er ikkje laga serviceerklæring for PPT, men PPT/Tysvær kommune er gjort merksam på at Bokn kommune ønskjer eit slikt dokument.

## Netto budsjettramme

## Netto budsjettramme

Tenesteområde	2003	2004
2020 Grunnskulen	7.572.000	7.623.000
2110 PPT for barnehagen	20.000	20.000
2130 Vaksenopplæring	60.000	102.000
2150 Skulefritidsordning	315.000	365.000
2221 Skuleskyss	290.000	290.000
Sum seksjon skule	8.257.000	8.400.000



Utgifter til lærling er nå ført på tenesteområdet "2020 Grunnskulen", mens det ikkje er med i budsjettala for 2003. Dette utgjør ein auka i netto utgifter på kr 100.000.

"Kostratal" for Bokn samanlikna med Kvitsøy, og med summen av kommunane Haugesund, Karmøy, Tysvær, Utsira, Vindafjord, Etne, Sveio og Ølen.

Netto driftsutgifter per innbyggjar til skule bør vurderast i lys av elevtalet per klasse, sidan elevtalet i klassane er den viktigaste kostnadsfaktoren i skuleverket, faktisk viktigare enn til dømes talet på skular i kommunen.

	Bokn	Bokn	Egne gj.snitt	Kvitsøy	Fedje	Gruppe 02
	2001	2002	2002	2002	2002	2002
Elever per klasse	11,9	12,7	19,8	13,2	8,8	17,7
Netto driftsutgifter per innbyggjar til:						
Grunnskuleundervisning	8970	9472	6900	10366	9902	6856
Skulelokalar og skyss	1850	1733	1327	1193	2213	1736
Skulefritidsordning	350	467	131	139	3	122
Grunnskuleopplæring for vaksne	29	35	150	0	-24	73

SFO i Bokn har høgare netto utgifter enn SFO i nabokommunane, men skilnaden er ikkje så stor som tala i tabellen viser. Me har til dømes tatt med utgiftene til alle ekstra tiltak for funksjonshemma elevar, mens det kan sjå ut til at dei andre kommunane gjer dette annleis.

#### Teneste 2020 Grunnskulen

Frå 1. august 2003 har Bokn 115 elevar i grunnskulen mot 114 på same tid året før. Elevtalet er med andre ord omtrent uendra, men talet på elevar som treng tunge ekstra støttetiltak har auka.

Stillingsramma til skuleseksjonen var 01.08.01 på 17,7 årsverk og 01.08.02 på 17,4 årsverk. I budsjettet for 2003 var det lagt inn ytterlegare reduksjon i stillingstalet frå 01.08.03, med atterhald om at utgifter/innsparingar våren 2003 ville vere heilt avgjerande for kor stor reduksjonen ville bli.

-----Sideskift-----

Frå 01.08.03 blei pedagogstillingane redusert med 1,4 årsverk, ein reduksjon som blei mindre enn opphavleg planlagt. Arbeidet med stillingsreduksjonen var komplisert og vanskeleg å gjennomføre. Det skuldast dels at fleire i personalet måtte påleggast vel tunge

arbeidsoppgåver, og dels at det under planleggingsarbeidet var press utanfrå frå grupper som reagerte på konsekvensane av stillingsreduksjonen.

Stillingsramma til elevassistentar i skulen og i SFO blei utvida med 0,9 årsverk. Dette skuldast det auka behovet for ekstra hjelp til funksjonshemma elevar.

Samla er stillingsramma no 16,9 årsverk, ein reduksjon på 0,5 årsverk. Hard økonomistyring på andre utgifter/inntekter gjer at stillingstalet hausten 2003 ligg innanfor det budsjettet for 2003 skal tole.

For å halde den budsjettamma som er sett for 2004, er det lagt inn reduksjon i stillingstalet frå 01.08.04 med nye 1,5 årsverk, derav 0,5 i SFO, til ei samla stillingsramme for skuleseksjonen på 15,4 årsverk. Det blir også denne gongen teke atterhald om at drifta i vårhalvåret vil avgjere kor stor stillingsreduksjonen blir når det nye skuleåret startar i august.

Det er elles gjort ein del mindre innstrammingar i budsjettet når det gjeld midlar til kurs, lærebøker, læremiddel, og utstyr.

Seksjon skule i Bokn har i mange år hatt ei felles stillingsramme til vanleg/tilpassa undervisning/klassedeling, til spesialundervisning og ekstra tiltak for einskildelevar, til SFO og til utviklingsarbeid og til leing. Ordninga med ei slik felles stillingsramme starta etter at skulestyret ein periode hadde vore tungt inne i klassedelinga og tildelinga av timar til spesialundervisning. Denne utviklinga i Bokn er på line med den generelle utviklinga innan skuleverket dei siste åra, med endringar i lovverket og ulike sentralt styrte utviklingsprosjekt. Det ser også ut til at denne utviklinga skal halde fram. I alle fall peikar innstillinga frå Kvalitetsutvalet (NOU 2003:16) i den retninga.

Kort fortalt går denne utviklinga ut på å minske/fjerne skiljet mellom vanleg undervisning og spesialundervisning, og å integrere skulevurderings- og utviklingsarbeid i det daglege arbeidet i skulen.

Målsettinga er å bruke stillingsramma slik at skulesituasjonen og læringsmiljøet på kort og lang sikt blir best mogleg for kvar einaste ein av elevane. Med andre ord at alle skal ha det like bra, innanfor det som er mogleg å få til med dei økonomiske rammene me blir tildelt. Me skal kunne tenke framtid gjennom utviklingsarbeid, me skal kvalitetssikre gjennom skulevurderingsarbeid, og me skal ha ei god klassedeling og nok til spesialundervisning og ekstra tiltak for einskildelevar.

Ulempa med dette systemet er at det blir vanskeleg å svare eksakt når nokon spør om kor mykje ein har komande år til klassedeling. Er behovet for spesialundervisning og ekstra tiltak lite, blir det meir til klassedeling og utviklingsarbeid. Kjem det nye elevar med tunge ekstra behov, eller utviklinga til ein elev ikkje er tilfredsstillande, må det brukast meir av den felles stillingsramma til desse nye oppgåvene, og det blir tilsvarende mindre til klassedeling og utviklingsarbeid. Eller situasjonen i einskilde klassar kan bli spesielt krevjande og me må bruke meir til klassedeling, noko som igjen betyr mindre til spesialundervisning eller til framtida gjennom utviklingsarbeid.

Det ville bli vanskelegare å gjere læringssituasjonen best mogleg for alle elevane, dersom me skulle styrt etter fastlåste rammer til dei ulike oppgåvene. Det beste hadde sjølvstapt vore at stillingsramma var så stor at det alltid var nok til alle oppgåver. Men så lenge det ikkje er tilfelle, bør me unngå eit system der behov for spesielle tiltak for einskildelevar automatisk fører til søknader til politiske organ om tilleggslyvingar. Dei elevane som treng skulen mest vil bli taparane i eit slikt system.

Den stillingsreduksjonen som er lagt inn i budsjettet frå august 2004, byggjer på følgjande føresetnader, i tillegg til atterhaldet om driftsutgiftene i vårhalvåret:

Vidareføring av femdelt barnesteg, med om lag same ressursar som inneverande skuleår. Det er ikkje meir å spare/ta når det gjeld den tradisjonelle klasse- og gruppedelinga på barnesteget, dersom ein skal kunne halde ein akseptabel kvalitet på undervisningsarbeidet. Når det gjeld ungdomssteget er elevfordelinga komande skuleår slik at det er føresett auka ressursbruk opp mot tilnærma fulldelt skule.

Hovudtyngda av den planlagde stillingsreduksjonen vil ramme spesialundervisning og styrkingstiltak for funksjonshemma elevar, og dessutan ressursane til leiing, rettleiing og utviklingsarbeid.

I åra sidan 1998, då stillingsreduksjonane i skuleseksjonen starta for alvor, har ein unngått oppseiingar. Det skuldast at mange fast tilsette har hatt heil eller delvis permisjon. Skuleseksjonen har i dag fleire fast tilsette enn det er faste stillingar.

Budsjettframlegget for 2004 er ikkje tilstrekkeleg til at alle oppgåver kan løysast på ei så god måte som mange ønskjer og sikkert også vil krevje, og er ikkje tilstrekkeleg til å gi rom for eit tilfredsstillande utviklings- og skulevurderingsarbeid, slik me er pålagt gjennom lov. Men det bør vere tilstrekkeleg til ei balansert og forsvarleg dagleg drift når det gjeld den vanlege undervisninga og spesialundervisninga, og administrasjonen av denne kjerneverksemda.

Den tida er forbi då skulen i Bokn hadde betre stillingsrammer enn dei fleste naboskulane. Mange foreldre med barn med spesielle behov, som til no har vore godt nøgde med skuletilbodet i Bokn, vil kunne få eit overraskande møte med "gjennomsnitt-skule-Noreg" komande skuleår. Me er godt nede på landsnormalen når det gjeld det undervisningsretta arbeidet, og me er i etterkant av det som blir forventa når det gjeld utviklingsarbeid og skulevurdering, og oppfølging av lover og forskrifter for skuledrifta.

Opplæringslova brukar ikkje lenger omgrepet klasse. Det vil i løpet av skuleåret 2003/04 bli fremma eiga sak for samarbeidsutvalet ved skulen om kva konsekvensar denne endringa eventuelt bør ha for Bokn skule.

Uteområde på skulen treng fornying, og i budsjettet for 2004 er det lagt inn kr. 20000,- til nytt leikeutstyr. I 2005 er det lagt inn ytterlegare 40.000,-. Skulen treng også jevnleg oppgradering og utskifting av datautstyr. I det ordinære budsjettet er det lagt inn kr. 40.000,- til dette, men behovet er totalt på ca. kr. 80-90.000,-. Av anna utstyr er det utstyr til gymnastikksalen som skulle vore utskifta, og dette er lagt inn i tiltaksplanen for 2005.

Endringar i betalingssystemet for midtskyss gjer at det vil kome ei sak til politisk behandling om organisering av skuleveka og skuledagen. Dette er også nemnt under teneste 2150 SFO og 2210 Skuleskyss.

Tiltak/stillingar for gjesteelevane er ikkje med i tala/omtalen over. Tiltak/stillingar for gjesteelevane blir ført som eige prosjekt med ei brutto budsjetttramme på ca 1,8 mill, og utan netto utgifter for Bokn kommune.

-----Sideskift-----  
Teneste 2130 Vaksenopplæring

Vaksenopplæringa på grunnskulen sitt område omfattar:  
Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for innvandrarar og flyktningar,  
Spesialundervisning for vaksne med spesifikke lærevanskar, enten vanskane skuldast ulukke/sjukdom eller det gjeld eit meir varig generelt behov for vidare opplæring og vedlikehald i grunnleggjande kunnskapar innan lesing, skriving, etc.,  
Vanleg undervisning for vaksne med rett til grunnskuleopplæring.

Det er budsjettert med følgjande:

Undervisning eit par timar i veka for vaksne med rett til vidare opplæring i grunnleggjande kunnskapar

Undervisning eit par timar i veka for vaksne med rett til grunnskuleopplæring.

Det er ikkje budsjettert for:

Undervisning for innvandrarakar og flyktingar. Dei blir vist til andre kommunar for opplæring, og desse kommunane får sin refusjon direkte frå staten.

Undervisning for nye vaksne som måtte kome til i løpet av budsjettåret, med rett til spesialundervisning. I slike tilfelle må naudsynte ressursar overførast frå andre tenestemråde (grunnskulen) eller løyvast ekstra.

#### Teneste 2150 Skulefritidsordninga (SFO)

Statsstøtten til SFO kjem ikkje lenger som eit særtilskott men er lagt inn i rammetilskottet til kommunen. Elevgrunlaget i SFO i Bokn har vore aukande dei siste åra.

Det har vore eit ønske frå nokre foreldre at opningstida blir utvida.

Stillingsramma for SFO blei utvida frå 01.08.03 på grunn av funksjonshemma elev.

Det vil bli fremma eiga sak i løpet av skuleåret 2003/04 om endringar i drifta frå 01.08.04.

Denne saka vil vere koplå saman med drøftinga av endringar i skuledrifta på grunn av at fylkeskommunen ikkje lenger betaler midtskyssen.

I budsjettet er det lagt inn ein stillingsreduksjon på 0,5 årsverk frå 01.08.2004. Dette er gjort sidan det må gjerast innsparingar og vår SFO har høge driftsutgifter samanlikna med andre kommunar. Det kan vere fleire måtar å redusere kommunens kostnader til SFO på, men dette må vurderast i samanheng med dei andre endringane som er nemnt over.

Det er ikkje gjort framlegg om endringar i betalingsssatsane til SFO. Det vil vere naturleg å ta dette samtidig med totalvurderinga av SFO, og la eventuelle endringar gjelde frå skulestart hausten 2004.

#### Teneste 2210 Skuleskyss

Det er budsjettert med uendra utgiftsnivå til skuleskyss i 2004.

Fylkeskommunen har i skriv dagsett 08.10.03 gitt kommunen endeleg melding om at denne må ta alle utgiftene til midtskyss sjølv frå og med skuleåret 2004/05. Det er likevel ikkje funne rom i budsjettet for ein auke i kommunens skyssutgifter.

Det vil vere naturleg å vurdere å sløyfe midtskyssen heilt eller delvis, og det vil i løpet av skuleåret 2003/04 bli fremma eiga sak om skuleskyssen/midtskyssen og organiseringa av skuledagen og skuleveka, og SFO. Om dette skal medføre at småskulen går 6 timars dagar, om skuledagen skal kombinerast med gratis SFO i skuletida for dei som følgjer skuleskyssen, om kommunen skal halde fram med midtskyss heilt eller delvis som no, eller om det skal lagast andre løysingar, vil bli ein del av den diskusjonen som må kome.

**SFO i Bokn har høgare netto utgifter enn SFO i nabokommunane, men skilnaden er ikkje så stor som tala i tabellen viser. Me har til dømes tatt med utgiftene til alle ekstra tiltak for funksjonshemma elevar, mens det kan sjå ut til at dei andre kommunane gjer dette annleis.**

## **Teneste 2020 Grunnskulen**

**Frå 1. august 2003 har Bokn 115 elevar i grunnskulen mot 114 på same tid året før. Elevtalet er med andre ord omtrent uendra, men talet på elevar som treng tunge ekstra støttetiltak har auka.**

**Stillingsramma til skuleseksjonen var 01.08.01 på 17,7 årsverk og 01.08.02 på 17,4 årsverk. I budsjettet for 2003 var det lagt inn ytterlegare reduksjon i stillingstalet frå 01.08.03, med atterhald om at utgifter/inn sparingar våren 2003 ville vere heilt avgjerande for kor stor reduksjonen ville bli.**

---

Sideskift

---

**Frå 01.08.03 blei pedagogstillingane redusert med 1,4 årsverk, ein reduksjon som blei mindre enn opphavleg planlagt. Arbeidet med stillingsreduksjonen var komplisert og vanskeleg å gjennomføre. Det skuldast dels at fleire i personalet måtte påleggast vel tunge arbeidsoppgåver, og dels at det under planleggingsarbeidet var press utanfrå frå grupper som reagerte på konsekvensane av stillingsreduksjonen.**

**Stillingsramma til elevassistentar i skulen og i SFO blei utvida med 0,9 årsverk. Dette skuldast det auka behovet for ekstra hjelp til funksjonshemma elevar.**

**Samla er stillingsramma no 16,9 årsverk, ein reduksjon på 0,5 årsverk. Hard økonomistyring på andre utgifter/inntekter gjer at stillingstalet hausten 2003 ligg innanfor det budsjettet for 2003 skal tole.**

**For å halde den budsjetttramma som er sett for 2004, er det lagt inn reduksjon i stillingstalet frå 01.08.04 med nye 1,5 årsverk, derav 0,5 i SFO, til ei samla stillingsramme for skuleseksjonen på 15,4 årsverk. Det blir også denne gongen teke atterhald om at drifta i vårhalvåret vil avgjere kor stor stillingsreduksjonen blir når det nye skuleåret startar i august.**

**Det er elles gjort ein del mindre innstrammingar i budsjettet når det gjeld midlar til kurs, lærebøker, læremiddel, og utstyr.**

**Seksjon skule i Bokn har i mange år hatt ei felles stillingsramme til vanleg/tilpassa undervisning/klassedeling, til spesialundervisning og ekstra tiltak for einskildelevar, til SFO og til utviklingsarbeid og til leing. Ordninga med ei slik felles stillingsramme starta etter at skulestyret ein periode hadde vore tungt inne i klassedelinga og tildelinga av timar til spesialundervisning. Denne utviklinga i Bokn er på line med den generelle utviklinga innan skuleverket dei siste åra, med endringar i lovverket og ulike sentralt styrte utviklingsprosjekt. Det ser også ut til at denne utviklinga skal halde fram. I alle fall peikar innstillinga frå Kvalitetsutvalet (NOU 2003:16) i den retninga.**

**Kort fortalt går denne utviklinga ut på å minske/fjerne skiljet mellom vanleg undervisning og spesialundervisning, og å integrere skulevurderings- og utviklingsarbeid i det daglege arbeidet i skulen.**

**Målsettinga er å bruke stillingsramma slik at skulesituasjonen og læringsmiljøet på kort og lang sikt blir best mogleg for kvar einaste ein av elevane. Med andre ord at alle skal ha det like bra, innanfor det som er mogleg å få til med dei økonomiske rammene me blir tildelt. Me skal kunne tenke framtid gjennom utviklingsarbeid, me skal kvalitetssikre gjennom skulevurderingsarbeid, og me skal ha ei god klassedeling og nok til spesialundervisning og ekstra tiltak for einskildelevar.**

**Ulempa med dette systemet er at det blir vanskeleg å svare eksakt når nokon spør om kor mykje ein har komande år til klassesdeling. Er behovet for spesialundervisning og ekstra tiltak lite, blir det meir til klassesdeling og utviklingsarbeid. Kjem det nye elevar med tunge ekstra behov, eller utviklinga til ein elev ikkje er tilfredsstillande, må det brukast meir av den felles stillingsramma til desse nye oppgåvene, og det blir tilsvarande mindre til klassesdeling og utviklingsarbeid. Eller situasjonen i ein skilde klassar kan bli spesielt krevjande og me må bruke meir til klassesdeling, noko som igjen betyr mindre til spesialundervisning eller til framtida gjennom utviklingsarbeid.**

**Det ville bli vanskelegare å gjere lærings situasjonen best mogleg for alle elevane, dersom me skulle styrt etter fastlåste rammer til dei ulike oppgåvene. Det beste hadde sjølvsagt vore at stillingsramma var så stor at det alltid var nok til alle oppgåver. Men så lenge det ikkje er tilfelle, bør me unngå eit system der behov for spesielle tiltak for ein skildelevar automatisk fører til søknader til politiske organ om tilleggsløyvingar. Dei elevane som treng skulen mest vil bli taparane i eit slikt system.**

**Den stillingsreduksjonen som er lagt inn i budsjettet frå august 2004, byggjer på følgjande føresetnader, i tillegg til atterhaldet om driftsutgiftene i vårhalvåret:**

**Vidareføring av femdelt barnesteg, med om lag same ressursar som inneverande skuleår. Det er ikkje meir å spare/ta når det gjeld den tradisjonelle klasse- og gruppedelinga på barnesteget, dersom ein skal kunne halde ein akseptabel kvalitet på undervisningsarbeidet.**

**Når det gjeld ungdomssteget er elevfordelinga komande skuleår slik at det er føresett auka ressursbruk opp mot tilnærma fulldelt skule.**

**Hovudtyngda av den planlagde stillingsreduksjonen vil ramme spesialundervisning og styrkingstiltak for funksjonshemma elevar, og dessutan ressursane til leiing, rettleiing og utviklingsarbeid.**

I åra sidan 1998, då stillingsreduksjonane i skuleseksjonen starta for alvor, har ein unngått oppseiingar. Det skuldast at mange fast tilsette har hatt heil eller delvis permisjon. Skuleseksjonen har i dag fleire fast tilsette enn det er faste stillingar.

Budsjettframlegget for 2004 er ikkje tilstrekkeleg til at alle oppgåver kan løysast på ei så god måte som mange ønskjer og sikkert også vil krevje, og er ikkje tilstrekkeleg til å gi rom for eit tilfredsstillande utviklings- og skulevurderingsarbeid, slik me er pålagt gjennom lov. Men det bør vere tilstrekkeleg til ei balansert og forsvarleg dagleg drift når det gjeld den vanlege undervisninga og spesialundervisninga, og administrasjonen av denne kjerneverksemda.

Den tida er forbi då skulen i Bokn hadde betre stillingsrammer enn dei fleste naboskulane. Mange foreldre med barn med spesielle behov, som til no har vore godt nøgde med skuletilbodet i Bokn, vil kunne få eit overraskande møte med "gjennomsnitt-skule-Noreg" komande skuleår. Me er godt nede på landsnormalen når det gjeld det undervisningsretta arbeidet, og me er i etterkant av det som blir forventa når det gjeld utviklingsarbeid og skulevurdering, og oppfølging av lover og forskrifter for skuledrifta.

Opplæringslova brukar ikkje lenger omgrepet klasse. Det vil i løpet av skuleåret 2003/04 bli fremma eiga sak for samarbeidsutvalet ved skulen om kva konsekvensar denne endringa eventuelt bør ha for Bokn skule.

Uteområde på skulen treng fornying, og i budsjettet for 2004 er det lagt inn kr. 20000,- til nytt leikeutstyr. I 2005 er det lagt inn ytterlegare 40.000,-. Skulen treng også jevnleg oppgradering og utskifting av datautstyr. I det ordinære budsjettet er det lagt inn kr. 40.000,- til dette, men behovet er totalt på ca. kr. 80-90.000,-. Av anna utstyr er det utstyr til gymnastikksalen som skulle vore utskifta, og dette er lagt inn i tiltaksplanen for 2005.

**Endringar i betalingssystemet for midtskyss gjer at det vil kome ei sak til politisk behandling om organisering av skuleveka og skuledagen. Dette er også nemnt under teneste 2150 SFO og 2210 Skuleskyss.**

**Tiltak/stillingar for gjesteelevane er ikkje med i tala/omtalen over. Tiltak/stillingar for gjesteelevane blir ført som eige prosjekt med ei brutto budsjettramme på ca 1,8 mill, og utan netto utgifter for Bokn kommune.**

---

-----Sideskift-----

### **Teneste 2130 Vaksenopplæring**

**Vaksenopplæringa på grunnskulen sitt område omfattar:**

**Opplæring i norsk og samfunnskunnskap for innvandrarak og flyktningar,**

**Spesialundervisning for vaksne med spesifikke lærevanskar, enten vanskane skuldast ulukke/sjukdom eller det gjeld eit meir varig generelt behov for vidare opplæring og vedlikehald i grunnleggjande kunnskapar innan lesing, skriving, etc.,**

**Vanleg undervisning for vaksne med rett til grunnskuleopplæring.**

**Det er budsjettert med følgjande:**

**Undervisning eit par timar i veka for vaksne med rett til vidare opplæring i grunnleggjande kunnskapar**

**Undervisning eit par timar i veka for vaksne med rett til grunnskuleopplæring.**

**Det er ikkje budsjettert for:**

**Undervisning for innvandrere og flyktingar. Dei blir vist til andre kommunar for opplæring, og desse kommunane får sin refusjon direkte frå staten.**

**Undervisning for nye vaksne som måtte kome til i løpet av budsjettåret, med rett til spesialundervisning. I slike tilfelle må naudsynte ressursar overførast frå andre tenesteområde (grunnskulen) eller løyvast ekstra.**

### **Teneste 2150 Skulefritidsordninga (SFO)**

**Statsstøtten til SFO kjem ikkje lenger som eit særtilskott men er lagt inn i rammetilskottet til kommunen. Elevgrunlaget i SFO i Bokn har vore aukande dei siste åra.**

**Det har vore eit ønske frå nokre foreldre at opningstida blir utvida.**

**Stillingsramma for SFO blei utvida frå 01.08.03 på grunn av funksjonshemma elev.**

**Det vil bli fremma eiga sak i løpet av skuleåret 2003/04 om endringar i drifta frå 01.08.04. Denne saka vil vere kopla saman med drøftinga av endringar i skuledrifta på grunn av at fylkeskommunen ikkje lenger betaler midtskyssen.**

**I budsjettet er det lagt inn ein stillingsreduksjon på 0,5 årsverk frå 01.08.2004. Dette er gjort sidan det må gjerast innsparingar og vår SFO har høge driftsutgifter samanlikna med andre kommunar. Det kan vere fleire måtar å redusere kommunens kostnader til SFO på, men dette må vurderast i samanheng med dei andre endringane som er nemnt over.**

**Det er ikkje gjort framlegg om endringar i betalingsssatsane til SFO. Det vil vere naturleg å ta dette samtidig med totalvurderinga av SFO, og la eventuelle endringar gjelde frå skulestart hausten 2004.**

### **Teneste 2210 Skuleskyss**

**Det er budsjettert med uendra utgiftsnivå til skuleskyss i 2004.**

**Fylkeskommunen har i skriv dagsett 08.10.03 gitt kommunen endeleg melding om at denne må ta alle utgiftene til midtskyss sjølv frå og med skuleåret 2004/05. Det er likevel ikkje funne rom i budsjettet for ein auke i kommunens skyssutgifter.**

**Det vil vere naturleg å vurdere å sløyfe midtskyssen heilt eller delvis, og det vil i løpet av skuleåret 2003/04 bli fremma eiga sak om skuleskyssen/midtskyssen og organiseringa av skuledagen og skuleveka, og SFO. Om dette skal medføre at småskulen går 6 timars dagar, om skuledagen skal kombinerast med gratis SFO i skuletida for dei som følgjer skuleskyssen, om kommunen skal halde fram med midtskyss heilt eller delvis som no, eller om det skal lagast andre løysingar, vil bli ein del av den diskusjonen som må kome.**